


BWV



ÅRSMELDING
1997



H A V F O R S K I N G S I N S T I T U T T E T



Styrets melding 4

Organisasjon 6

Økonomi 8

Tokt 11

Personale 13

FORSKINGSPROGRAMMENE - RESULTAT 1997:

LINEPROGRAM

91 Ressursovervaking og rådgjeving 14

92 Havmiljøovervaking og rådgjeving 15

93 Havbruk og rådgjeving 18

FORSKINGSPROGRAM

1 Ressurs- og miljøforskning i kystsona 20

2 Økosystem Norskehavet 22

3 Reproduksjon og rekruttering 24

4 Populasjonsdynamikk 26

5 Mengdemålingsmetodikk 28

6 Ansvarleg fangst 30

7 Yngelproduksjon 33

8 Oppdrettsorganismar 35

9 Havbeite 38


10 Marin forureining 40

11 Fiskeriforskning u-land 42

12 Fiskehelse og bioteknologi 46

Havforskningsinstituttets nybygg på Nordnes 48

Publikasjonar 50



HAVFORSKINGSINSTITUTTET ER
*eit nasjonalt forskingssenter for liv og miljø
i havet og på kysten.*


HAVFORSKINGSINSTITUTTET SKAL
*utforske og overvake livet, miljøet og samspelet
mellan dei ulike organismane i havet og i farvatna
langs kysten*

*framstaffe ny og oppdatert kunnskap om marine
ressursar som er viktige for fiske, fangst og havbruk*

*utvikle teknologi og biologisk grunnlag for ei
rasjonell og framtidsretta fiskeri- og
havbruksnæring*

*gje råd til styresmakter og næring om forvalting av
havmiljøet og dei marine ressursane*

*formidle forskingsresultat for å fremje fiskeri-,
havbruks- og øvrige samfunnsinteresser*



MELDING FRÅ STYRET

Havforskinsinsituttet har store og krevande oppgåver innan ressurs- og miljøovervaking av store havområde og oppgåver knytta til næringsutvikling og rådgjeving innan norsk havbruk.

Innafor instituttets personellmessige og økonomiske rammer har HI i 1997 skjøtta desse oppgåvene på ein god måte. Styret har likevel mått konstatere at dei rammene ein har til disposisjon ikkje gjer det mogeleg å dekke alle ønska arbeidsoppgåver. Som fiskeri- og havbruksnasjon vil Noreg møte krav om auka kunnskapsgrunnlag for hausting av havet og vidare satsing innan havbruksnæringa. Det er viktig å vere klar over desse utfordringane, og at styresmaktene samarbeider aktivt med instituttet om korleis desse skal møtest. I denne samanhengen er det også svært viktig at HI kan vedlikehalde og vidareutvikle sin kompetanse, og trygge sin verdsleidande posisjon innan nokre sentrale fagområder.

For å sikre stabile fiskekvotar på eit berekraftig nivå er det avgjeraende viktig å ha ei god ressursovervaking. Styret ser med uro på dei vanske HI hadde i 1997 i samband med adgang til forskingstokt til russisk sone i Barentshavet. Dette gjev eit dårlegare kunnskaps- og rådgjevingsgrunnlag, og aukar dermed risikoen i forvaltinga av bestandane. Det må difor vere ei høgt prioritert nasjonal oppgåve å sikre tilgangen til løpende kunnskap om utviklinga av viktige fiskebestandar vi forvaltar saman med nabolanda våre.

Styret har ved fleire høve peika på at oppgåvene innan ressursforskinga er fleire enn instituttet kan ta seg av på ein tilfredsstillande måte. Sjølv om instituttet har omprioritert midlar til

ressursforskinga, er situasjonen framleis vanskeleg. Det er fortsatt slik at en svært stor del av kapasiteten må nytes på rutinemessig datainnsamling og bestandsberekingar. Arbeidet med metodeforbetring burde vore meir omfattande og blitt tilført større ressursar. Dette ser vi no bl.a. i samband med bestandberekingar for norsk arktisk torsk, der svake sider ved dagens metode kan være en sentral forklaringsfaktor på utviklingen i bestandsvurderinger.

Større økonomiske og personellmessige ressursar vil kunne medverke til bedre kvalitet på dei forvaltingsråda HI skal og må gje.

Styret er også opptatt av at forsking utanfor instituttet kan medverke til å betre metodar og grunnlaget elles for HIs forvaltingsretta forsking og forvaltings-rådgjeving. I denne samanhengen er det viktig at Norges forskingsråd ved vurderingar av prosjektsøknader tek omsyn til dette, og gjev HI ein brukarstatus i forskingsrådet.

Styret har i fleire år peika på at det trengs meir midlar også til havbruksforskinga. Norsk havbruk hadde ikkje vore ei milliardnæring utan den norske havbruksforskinga, som m.a. har løyst alvorlege sjukdomsproblem og medverka avgjeraande til auka effektivitet i yngel- og matfiskproduksjonen.

Ei næring som no raskt nærmar seg ti milliardar kroner i eksportverdi har stort behov for ny kunnskap. Ein stor forskingsinsats vil kunne gje stor vinst på mange områder, t.d. kvalitet, miljø og effektivitet. Ein må òg prøva å vere føre var med omsyn til å kunne dokumentere at havbruk er ei sunn og

etisk forsvarleg verksemד som gir forbrukarane gode produkt.

Styret er glad for at HI i 1997 fekk fem millionar kroner ekstra til havbruksforskinga. Dette finansierte ti nye forskarstillingar, som sikrar og aukar kompetansen innan havbruksforskinga, noko som er særskilt viktig for å kunne vidareutvikle næringa og forvaltings-rådgjevinga i åra som kjem. Instituttet blir gjennom dette også betre i stand til å skaffe meir prosjektmidlar til havbruksforskinga, ikkje minst gjennom EUs forskingsprogram.

HIs havmiljøforsking er viktig, ikkje minst for å forstå miljøforholda i havet, og for å kunne gje ein løpende vitskapleg dokumentert reinheitsstatus for norske farvatn. Dette vil få stor betydning for eksporten av norsk sjømat i framtida.

Miljøforholda i havet er også særskilt viktige når ein skal fastslå veksttilhøva for fisk, og avgjere kor mykje ein kan ta ut av bestandane. Etter kvart som vi får vi meir kunnskap om samanhengane i dei marine økosystema, vil miljøforskinga også bli ein viktig del av bestandsrådgjevinga.

Styret er nøgd med at HI no har fått teknike i bruk nye og tidsmessige kontor og laboratorier for miljø- og havbruksforskinga. Totalt er det er investert rundt 74 millionar kroner i nybygg og ombygging i Nordnesgata 50. Innanfor denne kostnadsramma har HI også fått ny kantine, nye lokaler for biblioteket, og modernisering av deler av høgblonka, som også har fått ny heis og nytt ventilasjonsanlegg. Dei nye og topp moderne felleslaboratoria vil medverke til å sikre kvaliteten på HIs havbruks- og havmiljøforsking og gje desse

mulegheiter til å bli verdsleiane innan nokre viktige fagområde. Miljølaboratoria gjer det ventetleg også lettare for HI å få nye og interessante oppdrag frå både industrien, frå forskingsråd og EUs forskingsprogram. Styret er godt nøgd med at HIs informasjonsverksemnd også i 1997 har gjort instituttets resultater og aktiviteter kjende og tilgjengelege. Sær nøgd er styret med den gode utviklinga av HIs statusrapportar om ressursar, havmiljø og havbruk, og at etter-spørseleia etter desse viser ein fin auke.

Styret er også nøgd med at Administrasjonsavdelinga og Rederiavdelinga har fått nye og tidsmessige kontor på Nykirkekaen, der instituttet leiger lokala av Bergen Havnevesen.

Dei store utfordringane HI må møte i det nye hundreåret krev personell med høg kompetanse og forskingsfasilitetar av høg kvalitet. Etter Styret si meining er det i denne samanhanga viktig å få realisert dei foreslegne prosjekta for å få modernisert havbruksstasjonane i Matre og Austevoll, og få til naudsynt fornying ved Forskingssasjonen Flødevigen. Som styret også tidlegare har påpeika er forskingsfartøyet "G.O. Sars" no så gammalt at det treng å skiftast ut. Styret vonar på ei snarleg og positiv handsaming av desse prosjekta. Styret er godt nøgd med at HI har fått på plass eit system for god personaladministrasjon, økonomistyring og verksemndsplanleggning. Styret er også tilfreds med at etableringa av ei eiga rederiavdeling gjev effektiv utnytting av HIs forskingsfartøy og personell knytta til fartøya. Instituttet har starta arbeidet med ein ny strategiplan, som skal stake opp kursen for HI inn i det nye hundreåret.

Dette er eit viktig arbeid som det nye styret vil følgje på nært hald. HI har også i 1997 hatt eit nært samarbeid med andre nasjonale og internasjonale forskings- og forvaltingsinstitusjonar. Styret vil understreke at Det internasjonale råd for havforskning (ICES) står heilt sentralt i dette samarbeidet. HI deltek m.a. i ei rad arbeidsgrupper i ICES,

oppmoding frå HI vil medverke til å utvikle betre berekningsmodellar for særleg den norsk arktiske torskebestanden. Samarbeidet med PINRO, havforskningsinstituttet i Murmansk, har også i 1997 vore godt og uproblematisk.

Nasjonalt samarbeider HI med bl.a. universiteta i Bergen, Oslo og Tromsø (Noregs Fiskerihøgskule). Styret

meiner dette samarbeidet er viktig, for særleg å få utført grunnforskning knytt til HIs oppgåver. HI samarbeider også med Fiskeriforskning i Tromsø, og har også i 1997 avvikla felles leiargruppe- og styremøter. I 1997 har HI underteikna ein samarbeidsavtale med Meteorologisk Institutt (DNMI), og det blir arbeidd med ein samarbeidsavtale med Polar-instituttet, for å koordinere arbeidet til dei to institutta i nordområda.

Det gode samarbeidet med Kystvakta er vidareført i 1997, og instituttet har no m.a. utstyrt to kystvaktskip med måleinstrument for havmiljøovervaking.

Instituttet har også i 1997 hatt eit godt samarbeid med fiskeri- og miljøstyremaktene. Samarbeidet med organisasjonane ved HI har gått føre seg i ein open dialog i drøftings- og forhandlingsmøter.

Når det gjeid samarbeid elles, nasjonalt og internasjonalt, vil det føre for langt å nemne alle her. Vi viser til oversikt over dette lenger bak i årsmeldinga.

Til slutt vil styret takke alle tilsette ved Havforskningsinstituttet for godt arbeid i 1997.



STYRET VED HAVFORSKNINGSISTITUTTET

Bakarst frå venstre: Jørn Krog, Jens Malvin Skei
og Roald Vaage. Midtrad frå venstre:
Alf Håkon Hoel, Magnus Johannessen
og Einar Svendsen. Fremste rad frå venstre:
Knut Werner Hansen, Benedicte Nielsen,
Heidi Meland og Peter Gullestad.
Oddrunn Pettersen var ikke til stades
då vi tok biletet.

der datagrunnlag og vitskaplege rapportar blir bearbeidd av framståande forskrarar frå fleire land. Rapportane frå desse arbeidsgruppene dannar grunnlaget for m.a. dei årlege kvote-råda som kjem frå Havforskningsrådet (frå tilrådingskomitéen ACFM). Tilsvarande gjeld for havklima og havmiljø. Styret er nøgd med at ICES no, etter

Alf Håkon Hoel

Benedicte Nielsen

Knut Werner Hansen

Oddrunn Pettersen

Peter Gullestad

Einar Svendsen

Heidi Meland


Jens Malvin Skei

Jørn Krog, styreleiar

Magnus Johannessen

Roald Vaage, adm. direktør

ORGANISASJON



FORSKINGSPROGRAM | 1998

(Programansvarlege i parentes)

LINEPROSJEGRAM:

- *91 Ressursovervaking og rådgjeving (Åsmund Bjordal)
- *92 Havmiljøovervaking og rådgjeving (Hein Rune Skjoldal - Jan Aure)
- *93 Havbruk og rådgjeving (Erik Slinde)

FORSKINGSPROGRAM:

- *1 Ressurs- og miljøforskning i kystsona (Jakob Gjøsæter)
- *2 Økosystem Norskehavet- "Mare Cognitum" (Webjørn Melle)
- *3 Reproduksjon og rekruttering (Olav Sigurd Kjesbu)
- *4 Populasjonsdynamikk og fleirbestandsmodellering (Sigbjørn Mehli)
- *5 Mengdemålingsmetodikk (Olav Rune Godø)
- *6 Ansvarleg fiske (Ny programleiar etter Arvid K. Beltestad vil bli oppnemnd april 1998)
- *7 Yngelproduksjon i havbruk (Ingegjerd Opstad)
- *8 Oppdrettsorganismar - miljø, vekst og kjønnsmogning (Geir Lasse Taranger)
- *9 Marint biologisk mangfold (Geir Dahle)
- *10 Marin forureining (Jarle Klungsøy)
- *11 Fiskeriforskning i u-land (Tore Strømme)
- *12 Fiskehelse og bioteknologi (Øyvind Bergh)

STYRET

Jørn Krog, leiar
Heidi Meland, nestlediar
Fiskeridirektør Peter Gullestad
Knut Werner Hansen
Oddrunn Pettersen, Barentssekreariatet
Alf Håkon Hoel, Noregs Fiskerihøgskole
Benedicte Nielsen, Stella Polaris
Einar Svendsen, Havforskningsinstituttet
Magnus Johannessen, Havforskningsinstituttet



Varamedlemmer:

Jens Malvin Skei, Norsk institutt for vannforskning
Eva Toril Strand
Inger Oline Røsvik
Grethe Aa. Kuhnle, Fiskeridirektoratet
Reidar Toresen, Havforskningsinstituttet
Brit Hjeltnes, Havforskningsinstituttet
Askjell Raknes, Havforskningsinstituttet
Åse Løwmo Pedersen, Havforskningsinstituttet

ADMINISTRASJONEN

Adm. direktør Roald Vaage
Informasjonsjef Arnold Farstad (til 1. april 1998)
Forskningsdirektør Åsmund Bjordal, Senter for marine ressursar
Forskningsdirektør Hein Rune Skjoldal, Senter for marint miljø
Forskningsdirektør Erik Slinde, Senter for havbruk
Forskingssjef Didrik Danielssen (konstituert fra 15 oktober 1997 til 1. april 1998).
Frå 1. april Erlend Moksness, Forskningsstasjonen Flødevigen
Forskingssjef Erling Bakken, Fiskeriforskning u-land
Avdelingsdirektør Hans Erstad, Administrasjons- og serviceavdelinga
Avdelingsdirektør Ivar Thomasli, Rederiavdelinga

ØKONOMI



Finansiering og forbruk 1997 (1000 kr.)

Finansieringskjelde		Kostnader	Løn	Varer/tenester	Sum
Fiskeridepartementet - drift	199 458	Administrasjonen	21 288	29 352	50 640
Fiskeridepartementet - nybygget	38 309	Marine ressursar	25 072	10 180	35 252
EU	12 950	Fangstseksjonen	7 396	5 953	13 349
NORAD	38 552	Marint miljø	24 453	14 167	38 620
Olje- og energidepartementet	400	Havbruk	31 252	34 909	66 161
Miljøverndepartementet	591	Flødevigen	7 653	4 715	12 368
Utanriksdepartementet	974	Fiskeriforsk. u-land	8 708	7 674	16 382
Direktoratet for Naturforvalting	600	Rederiavdelinga	40 193	32 336	72 529
Statens forureiningsstilsyn	7 250	Ressurs-/fangst-			
Noregs forskingsråd	45 483	granskingar	2 578	12 892	15 470
Nordisk Ministerråd	2 310	Dr. Fr. Nansen	7 503	11 226	18 729
Statoil	2 343	Til saman drift	176 096	163 404	339 500
HYDRO	378	Investeringar nybygg		38 309	38 309
Universitet	1 610	Sum utgifter	176 096	201 713	377 809
Fiskerdirektoratet	615				
Ernæringsinstituttet	360				
Fylker/kommunar	339				
PUSH	3 699				
Fiskeriforskning	963	Feriepengeavsetting			4 441
Fiskebåtred. Forbund	209	Prosjektmidlar overført 1998			7 108
Oljeindustriens landsforening	850	Korreksjon arbeidsgjeveravgift			201
Norbio	915	Andre disposisjonar			16 593
Pronova	374				
NINA	239				
NIVA	156				
Lerøy	330				
Kvernsmolt	700				
Mustad	450				
Møreforskning	52				
Morenot	130				
Rieber	143				
Roche	468				
Seafarm	264				
Statkraft	180				
Teko	318				
Ictec	205				
Industri	2 622				
Fisk.lab., Iceland	243				
Maricult	250				
Sildeoljel-mel industrien	55				
Fangstintekter	13 272				
Sal av oppdrettsfisk	294				
Strategiske midlar	9 073				
Dekningsbidrag HI-sentra	8 414				
Austevoll fiskeindustri	150				
Austevoll marin yngel	300				
Akvaforsk	190				
Bas fiskeredskap	252				
Cultor	150				
Diverse	2 134				
Tillfeldige inntekter	3 614				
Ubrukte reservar	1 972				
Sum	406 152				406 152

Verksemderesrekneskapet - økonomisk status pr. 31.12.97 (1000 kr)

Program	Totalt	Budsjett 1997		Totale kostnader 1997
		FID	Ekstern	
91 Ressursovervaking og rådgjeving	98411	70364	28047	91083
92 Havmiljøovervaking og rådgjeving	37678	28784	8894	35711
93 Havbruk og rådgjeving	14617	11847	2770	18084
94 Støtteaktivitetar	18185	1515	16670	15862
Sum støtte- og lineprogram	168891	112510	56381	160740
1 Ressurs- og miljøforsking i kystsona	6519	3936	2583	6073
2 Økosystem Norskehavet	26360	17220	9140	26777
3 Reproduksjon og rekruttering	5196	3090	2106	5576
4 Populasjonsdynamikk	12148	6519	5629	11691
5 Mengdemålingsmetodikk	19057	12361	6696	18915
6 Ansvarleg fangst	22903	10066	12837	17625
7 Yngelproduksjon	9075	1604	7471	5547
8 Oppdrettsorganismar	17245	4018	13227	14098
9 Havbeite	13853	3623	10230	15365
10 Marin forureining	8584	2694	5890	5578
11 Fiskeriforskning u-land	42760	7330	35430	41328
12 Fiskehelse og bioteknologi	10761	2686	8075	10236
Sum forskningsprogram	194461	75147	119314	178809
Havforskningsinstituttet	363352	187657	175695	339549

TOKT

Data til bestandsmålingar av fisk blir i stor grad henta inn på tokt med forskingsfartøya til Havforskningsinstituttet (HI). Tabellane nedanfor viser toktaktiviteten til HI dei tre siste åra, og vi ser også fordelinga av tokt mellom sørlege og nordlege farvatn i 1996 og 1997. Tokta dekkjer data-innhenting for både fiskebestandar og miljøet (klima, forureining) i havet.

Talet på toktdøgn i tabellane er effektive toktdøgn, «transporttid» mellom ulike tokt, verkstadopphold og anna landlige kjem i tillegg. Forskningsfartya har ei svært høg utnytting. Toktverksemda kostbar mykje, og ein stor del av instituttets budsjett går difor med til å drive forskningsfartøya.

Persontoktdøgn er forskardøgn på tokta, altså antal toktdøgn for vitakleg personell

Fartøya sitt ordinære mannskap kjem i tillegg.

HI brukar også i stor grad innleigde kommersielle fiskefarty til ulike tokt, til bl.a. merkeforsøk og forsking innan programmet «Ansvarleg fiske». I dei sistnemde prosjekta studerer vi m.a. fiskens åferd i forhold til fiskereiskap, og eit viktig mål er å utvikle reiskap som fangar selektivt for å hindre uønska bifangst av småfisk eller spesielle artar.

Forskningsfartyet «Dr. Fridtjof Nansen» har ikkje vore i våre farvatn. Dette fartyet er eigd av NORAD og blir drive av HI for fiskeriforskning i utviklingsland.

Forskningsaktiviteten har stort sett gått som planlagt, med unntak av tokta som skulle gjennomførast i russisk sone. Her har fartya til dels blitt nekta adgang eller fått tilgang til berre avgrensa områder i høve til plantlagde tokt. Til saman utgjorde dette 48 toktdøger, og fartya det gjaldt gjekk då anten til land for vedlikehald, eller vi omdisponerte dei til andre oppgåver.

I 1997 vart mannskapet på «G.M. Dannevig» redusert til berre eitt skift.

Dette fordi fartyet vert drive av midlar som instituttet får inn ved utleige av fartyet, og delvis utleigearntekter frå «Michael Sars». Som grunnlag for drifta av dette fartøyet, har HI sett av 1 million kroner.

I 1977 har vi arbeidd med å fullføre oppgraderinga til GMDSS (Global Maritime Distress and Safety System) på alle dei store fartya våre, og dette tiltaket vil bli avslutta i 1998. Dette inneber innkjøp og installasjon av ekstra radioutstyr.

I 1997 har vi elles utført rutinemessig vedlikehald på fartya, og utbetingar og naudsynt fornying for å oppretthalde fartya si Veritas-kasse, og for å stette andre pålegg frå styresmaktene.

G.O.SARS

Fartyet låg 41 dagar på verkstad i 1997. Dette er lengre enn normalt og skuldast i første rekke havari på turboladar. Av større arbeid som er gjort i løpet av året kan nemnast mellombesiktning for Veritas, og installasjon av senkekjøl, som vart montert i januar 1997. Alle dei tre

BRUK AV EIGNE FARTØY OG LEIGEFARTØY

Fartøy	I 9 9 5	Toktdøgn	Person-toktdøgn	I 9 9 6	Toktdøgn	Person-toktdøgn	
G.O. Sars	277	1.771	332	2.196	292	1635	
Johan Hjort	300	1.836	318	2.085	309	1769	
Michael Sars	276	1.256	318	1.589	275	1161	
G.M. Dannevig	194	483	233	589	131	367	
Fjordfangst	202	476	184	581	203	493	
Dr.Fr. Nansen	258	726	321	1.255	331	1343	
Leiefartøyer	745	1.297	859	1.501	1240	2071	
SUM	2.366	8.049	2.649	10.055	2781	8839	

TOKT NORD OG SØR FOR 62 GR. N. BR.

Fartøy	I 9 9 6		I 9 9 7	
	NORD	SØR	NORD	SØR
G.O. Sars	216	116	166	126
Johan Hjort	249	69	289	20
Michael Sars	175	143	150	125
Fjordfangst	140	93	170	33
G.M. Dannevig		184		131
SUM	780	605	775	435

store fartya til instituttet har no senkekjøl.

Hovudmotor er totalt overhala og vil no venteleg fungere tilfredsstillende for ei lengre tid framover. G.O.Sars er det einaste av fartya våre som har fått installert Inmarsat B satelittkommunikasjon. Dette betrar kommunikasjonen for telefon, telefaks og dataoverføring

I 1998 vil løvyingane til utbetring av G.O.Sars reduserast. Berre det som er pålegg for å oppretthalde klasse og andre krav fra styresmaktene, vil gjennomførast. Dette omfattar sjølvagt også det som er nasudsint for tryggleiken til mannskap og farty. Eit fartyutval ved instituttet har byrja arbeidet med forprosjektering av eit nytt forskingsfarty. Utvalet skal vurdere instituttet sitt fartybehov i framtida, og behov for utskifting av G.O.Sars, som er bygd i 1970.

JOHAN HJORT

Fartøyet var i fjar 28 døger på verkstad. Vi har stadig problem med dekksbelegget på fordekket. Etter fleire møte med byggeverkstaden ser det ut som det kan verte ei løysing under fartøyet sitt verkstadoppthal i mai 1998. Det er også utført naudsint vedlikehald for å oppretthalde klasse og andre krav fra styresmakter. Ved verkstadopphaldet i desember 1997 vart det gjort mindre jobbar på vedlikehaldssida.

I mai 1998 vil blant anna hovudmotor, gear, vulkankobling mellom motor og gear samt nye elastiske fundament for hovudmotor bli fornya. Vi skal også ha botnkontroll for klasse.

MICHAEL SARS

"Michael Sars" har i 1997 vore 36 døger på verkstad. Fleire store arbeid er utført.

Har totaloverholt hovudmotor, dvs. nye stempilar, veivlager, rammelager og thrustlager, samt kjede og drev for kamaksel og alle drev og kjeder for drift av påhengde pumper for hovudmotor er skifta. Hovudmotor vil etter denne omfattende reparasjonen framstå så godt som ny. Ytterlegare reparasjoner og utskiftingar er ikkje forventa på lang tid.

Omfattande ombygging av radiostasjon og bru er foretatt i samband med innføring av GMDSS.

For 1998 er det ikke planlagd spesielle utbetringer eller fornyingar for fartøyet.

G.M. DANNEVIG

På grunn av nødvendige verkstadarbeid i samband med omdefinering til handelsfarty var fartyet 32 døger på verkstad i 1997.

På grunn av denne omdefineringa måtte ein erstatte 9 firkanta lysventilar med sirkulære. Ny mobbåt og kran for utsetting vart innkjøpt, i tillegg til ny redningsflåte, alt for å tilfredsstille styresmaktene sine krav til lasteskip.

Begge hovudmotorane og hjelpe-motor er overholt i samband med klassing i januar 1997. Fartyet hadde også botnbehandling og kontroll av klasse.

I feb. 98 vil det verte montert ny kran på akterdekk. Ny radar er innkjøpt i 1997 og vil verte montert samtidig. Frå 1. mars 1998 vil G.M. Dannevig som de andre fartya ha dobbelt mannskap. Dette er nødvendig for at fartøyet skal kunne segle etter det oppsette toktpogram som er atskillig meir omfattande enn årets.

FJORDFANGST

Det ble i løpet av 1997 nødvendig med store reparasjoner av hovudmotor og hjelpe-motor på Fjordfangst. Dette medførte eit verkstadoppthal på 78 døger.

Fartyet var i 1997 svært kostnadskrevjande samtidig som det ikkje oppfyller nødvendig funksjonalitet for våre brukarar. Utskifting av fartøyet vil bli utgreidd i løpet av 1998 og framlagt for styret.

DR. FRIDTJOF NANSEN

Totalt var fartøyet 16 døger på verkstad i 1997.

Fartyet har utført det vanlege vedlikehald -97 ved blant anna å skrubbe botn ved hjelp av froskemenn under opphal i Cape Town. I tillegg vart 2 stk. einmannslugarar ombygde til tomannslugarar for å utvida kapasiteten til fartøyet.

Dr. Fr. Nansen skal ha 5 års klassing i sept. 98. Dette omfattar botnbehandling, akseltrekk, overhaling av air-condition, fryseri etc.

Motorleverandør har i heile -97 prøvd å løyse problemet med slitasje i hovudmotor. Da kan no sjå ut som problemet er avdekt og vil verta løyst i løpet av 1998.

PERSONALE

I 1997 hadde instituttet i alt 498,5 arbeidstakarar, av desse 351,5 over statsbudsjettet, 128,5 prosjektengasjerte og 18 sjøfolk på "Dr. Fridtjof Nansen". Instituttet hadde også fem forskingssjef II-stillingar og 14 lærlingar.

Det var i 1997 ein forskar som tok doktorgrad. Sykefraværet på instituttet var i 1997 på 3,1 prosent, noko vi er svært fornøgde med.

Utanom dette brukte instituttet ca 1 250 000 kr. til anna opplæring, blant anna i det nye økonomi- og personalsystemet som er teke i bruk ved HI.

Opplæringsverksemda til HI hadde i 1997 665 000 kr. til rådvelde, og av dette brukte vi 450 000 kr. til interne kurs. Vi avvikla 22 interne kurs med 222 deltagarar (135 menn og 87 kvinner).

FAST ORGANISERTE STILLINGAR 1992 - 1997


Kategori	1992	1993	1994	1995	1996	1997
Forskarar	81	81	81	81	82	91
Teknisk/Admin	181	184	177	177	176	178,5
Sjøfolk	89	90	84	90	85	82
Sum	351	355	342	348	343	351,5

STILLINGAR 1997 (FASTE OG LANGTIDSENGASJERTE)

Kategori	Havbruk	Miljø	Ressurs	Flødevigen	U-land	Adm	Sum
Forskarar	52	42	44	10	4	1	153
Teknisk/Admin	43,5	37	68	13	6	78	245,5
Sjøfolk					18	82	100
Sum	95,5	79	112	23	28	161	498,5

DOKTORGRADAR VED HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Sted	1992	1993	1994	1995	1996	1997
Ressurs	11	10	10	10	10	11
Miljø	8	9	10	11	12	12
Havbruk	9	12	16	18	16	16
Flødevigen	3	3	3	3	3	3
U-land	1	1	1	1	1	1
Sum	32	35	40	43	42	43



91

RESSURSOVERVAKING OG RÅDGJEVING

Programleiar: Åsmund Bjordal

Hav-Noreg dekkjer meir enn to millionar kvadratkilometer, eit område som er seks - sju gongar større en fastlandsarealet. Desse store og produktive havområda i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet har me råderett over og forvaltingsansvar for. Fiskeressursane i desse marine økosystema er fornybare ressursar som gjennom ei fornuftig hausting produserer mellom to og tre millionar tonn fiskeråstoff årleg. Gjennom overvakning og rådgjeving for utvikling i dei viktigaste fiskebestandane, skal dette programmet legge grunnlaget for ei berekraftig forvalting av fiskeressursane våre. Rådgjevinga frå dette programmet er såleis sentral for å tryggje eit langsiktig stabilt ressursgrunnlag for fiskerinæringa og tilknytta verksemder.

Berekraftig forvalting av fiskebestandane er eit overordna fiskeripolitisk mål for sikring av ressursgrunnlaget og langsiktig lønsemid i fiskerinæringa. Her er HI ein viktig premissleverandør gjennom årleg ressursrådgjeving for vel 40 bestandar, som grunnlag for fastsetjing av fangstkvotar.

Datagrunnlaget vert innhenta på tokt med havforskingsfartøy,

medan bestandsberekingane i stor grad blir utførte i samarbeid med utanlandske forskrarar i regi av Det internasjonale råd for havforskning (ICES). Ressursovervakninga vart i 1997 utført etter planane, men manglande løyve til å utføre bestandsmålingar i russisk sone i Barentshavet har ført til uvisse i rådgjevinga for fleire viktige bestandar, til dømes torsk, hyse og lodde. Dersom dette problemet ikkje vert løyst, vil grunnlaget for bestandsrådgjevinga og fiskeriforvaltinga i Barentshavet bli vesentleg forringa. I tillegg til ein omfattande innsats i ICES, deltek vi i ei rekke internasjonale fiskeriforsknings og fiskeriforvaltingsfora, mellom anna NAFO, NEAFC, IWC, NAMMCO og CCAMLR.

Sjøpattedyr

I tillegg til ressursrådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane, har vi vesentleg innsats innan overvakning av sjøpattedyr. Utanom den årlege teljinga av vågekval, utførte vi i 1997 ei teljing av klappmyss i Vesterisen og teljing av kystsel.

Forskingssamarbeid med Russland Trass alvorlege problema med løyve til å forske i russisk sone, har me vidareført og utvikla det langvarige og gode samarbeidet med havforskingsinstituttet i Murmansk (PINRO). I tillegg til det årlege forskarmøtet om våren, og utveksling av forskningspersonell og data, blei det 7. norsk-russiske fiskerisymposiet gjennomført i Murmansk i juni, med "Fiskeåferd, prøvetakningsreiskap og reisksaps-seleksjon" som tema.

Uuisse i bestandvurderingane

Det er framleis rimeleg stor uuisse i bestandsberekingane, dels fordi mengdemålingsmetodikken ikkje er presis nok, dels fordi dei matematiske modellane for bestandsbereking er ufullkomne. På bakgrunn av store variasjonar i bestandsberekingane for norsk-arktisk torsk, er det sett i gang eit prosjekt for utvikling av betre bestandsberekningsverktøy.

Metodebetring på alle nivå er elles eit prioritert område. Til dømes er det utvikla eit system for elektronisk lengdemåling av fisk. Dette vart teke i bruk i 1997, og har vist seg å gjere denne arbeidskrevjande operasjonen meir presis og effektiv.

Biologisk mangfold


Overvakning av biologisk mangfold i havet er eit nytt forskingsområde for Havforskningsinstituttet, der vi førebels tek del i eit internasjonalt prosjekt for kartlegging av biologisk mangfold i Nordsjøen. I samband med dei ordinære ressursgranskningane har vi og registreringar av ei rekke andre artar enn dei kommersielt mest viktige. Dette er eit særskilt verdfullt historisk datamateriale for vurdering av endringar i marint biologisk mangfold.

Føre-var-prinsippet i fiskeria

Føre-var-prinsippet er under innføring i fiskeriforvaltinga. Vi har her lagt ned vesentleg innsats i internasjonale fora med omsyn til korleis dette skal nyttast i praksis i ressursrådgjeving. Det vil krevje innsats i åra som kjem, mellom anna for fastsetjing av såkalla biologisk referansepunkt for dei ulike bestandane - som til dømes kritiske nivå for fiskepress og storleiken på gytebestand. I samarbeid med Fiskeridirektoratet har vi utarbeidd og revidert bioøkonomiske beskatningsstrategiar for viktige bestandar som torsk og sild, eit arbeid som etter kvart vil bli utvida til fleire bestandar.

Ansvarleg fiske

I tillegg til rådgjeving for kor store kvanta ein kan fiske, omfattar og ressursforskinga utvikling av betre reiskap slik at fisket i hovudsak er selektivt etter rett art og storleik, mellom anna for å unngå fangst av ungfisk og få anna uønskt bifangst. Dette arbeidet førte blant anna til innføring av sorteringsrist i torsketrål i Barentshavet i 1997. Det blei elles oppnådd gode resultat med ristsystem for utsortering av konsumfisk i inndutritrål fisket i Nordsjøen, og utsortering av småmakrell i pelagisk tråling. I samband med oljeverksemda har vi utført forsøk med tråling over røyrleidningar og steinfyllingar. Forsøka viste at desse er til vesentleg ulempe for reketråling.



92

HAVMILJØ OG RÅDGJEVING

Programleiarar: Jan Aure/
Hein Rune Skjoldal

Målet for programmet er å overvake langtidsutviklinga og gi prognosar for havklima, produksjonsforhold og forureining i norske kyst- og havområde. Resultata frå programmet skal medverke til at styresmaktene kan forvalte havmiljøet og levande marine ressursar på ein berekraftig måte.

Tidsseriar (data innsamla over ei årrekke) av menneskeskapte verknader på miljøet og naturlege variasjonar i økosystemet, er høgt etterspurde data i dagens miljø- og ressursforsking.

Havforskningsinstituttet har i mange år sett på langtidsovervaking og tilstandsvurdering av havmiljøet som ei viktig oppgåve, og har følgjeleg hatt ein stor arbeidsinnsats på dette feltet.

Ein grunnstamme i overvakingsprogrammet er ei rekke faste hydrografiske kurslinjer ("snitt") frå kysten og ut i havet, og stasjonar langs kysten. Her måler vi først og fremst temperatur og saltinhald i vassøyla. I tillegg observerer vi vasskjemi og plankton på ein del faste stasjonar og snitt. I Nordsjøen

og Skagerrak kartlegg vi regelmessig næringsalt sent på hausten og om våren, og ved Forskningsstasjonen Flødevigen utfører vi observasjonar av næringsalt og algar gjennom heile året. Dette er bl a ein del av den nasjonale overvakkinga av havmiljøet, ei overvaking som er viktig for beredskapen med omsyn til algeblømingar som kan skade fiskeoppdrett og skjeldyrking. I Barentshavet og Norskehavet overvaker vi i hovudsak havklima, produksjonstilhøve (dyreplankton) og fiskelarvar for å vurdere utviklinga i fiskebestandane.


Havforskningsinstituttet si forureiningsovervaking omfattar organiske miljøgifter, tungmetall, oljekomponentar og radioaktivitet. Granskingsane blir utførte både i vassmassane, i botnsediment og i organismar, særleg fisk. Undersøkingar av miljøgifter omfattar Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen. Overvakinga av radioaktivitet har til no vore konsentrert til Barentshavet, medan innsatsen i Nordsjøen vil auke dei nærmaste åra. Eit nytt område for Havforskningsinstituttet er overvaking av tareressursane og vurdere økologiske effekter av ressursuttaket.

Innan metodeutvikling vert det arbeidd med å talfeste korleis klimavariasjonar påverkar dei viktigaste fiskebestandane i Barentshavet. Eit prognoseverktøy for varsling av havtemperaturar i Barentshavet er utvikla, og det vert arbeidd med å ta i

bruk instituttet sin havmodell (NORWECOM) innan overvaking og tilstandsvurdering av havmiljøet. I samband med dette er det inngått ein samarbeidsavtale med Det Norske Meteorologiske Institutt, som i stor grad betrar Havforskningsinstituttet sine moglegheiter for bruk av operasjonelle havmodellar til simulering av t.d. drift av fiskelarver, transport av menneskeskapte næringsalt frå sørlege Nordsjø og kortsiktige klimavariasjonar.

Innstrøyming av varmt Atlanterhavsvatn er avgjeraende for klimaet i havområda våre, og er ein viktig økologisk faktor som verkar inn på den biologiske tilstanden i havet. Tilstanden i fiskebestandane er oftast best når temperaturen er høg. Det er som regel i varme periodar vi får tallrike nye årsklasser av fisk.

Nordsjøen hadde eit uvanleg mildt klima i perioden frå 1988 til 1992. Varmeperioden tok slutt i 1992/93, og fram til 1996/97 har det stort sett vore kaldare enn normalt, særleg i sentrale og sørlege område. I djupare lag av Nordsjøen, langs norskekysten og i Skagerrakkassenget var det ein generell temperaturauke i 1997 i forhold til føregåande år. Vintertemperaturane i overflatelaget låg nær eller over det normale, medan den varme sommaren 1997 førte til ekstremt høge overflate-temperaturar frå juli til september i Nordsjøen og langs norskekysten.



I sentrale og nordlege delar av Norskehavet har det i dei siste åra vore ein markert nedgang i saltinnhald og temperatur. Dette skuldast auka tilførsler av kaldt og ferskt arktisk vatn til Norskehavet. I kjernen av atlantisk vatn i den austlege del av Norskehavet, langs eggakanten utanfor norskekysten, auka temperaturane igjen etter ein kortvarig nedgang i 1996. Auken var størst i sør, og temperaturane i Svinøysnittet ved Stad var dei høgaste vi har observert sidan målingane starta i 1978. Dei låge temperaturane i sentrale og nordlege del av Norskehavet kan ha medverka til redusert innvandring av norsk vårgytande sild til islandsk sone i 1997.

I vestlege og sentrale deler av Barentshavet stabiliserte temperaturane seg i 1997 omkring det normale for årstida. I austlege og nordlege deler var det framleis relativt kaldt. Den vestlege forflyttinga av polarfronten i Barentshavet dei siste åra har påverka den geografiske fordelinga av fisk, og bl.a. redusert mengda av fisk i det såkalla Smutthølet. I 1997 var det monaleg meir is i løpet av vinteren enn året før, og isgrensa låg store deler av vinteren sør for 73-74 nordleg breidde. Vi må tilbake til 1989 for finne tilsvarande ismengder i Barentshavet.

Frå Barentshavet har vi ein tids-serie av dyreplankton for perioden 1986-97. Frå 1991 til 1994 observerte vi ein klar auke i mengda av dyreplankton. I dei nordaustre områda var det framleis auke i 1995, mens planktonmengda i dei andre områda av Barentshavet minka. Frå 1995 til 1996 var det ein markert nedgang i heile havområdet, og midlere biomasse dyreplankton i Barentshavet var redusert til omlag det halve i forhold til 1994. Nedgangen var truleg knytt både til endringane i klimatiske forhold, med lågare temperaturar og reduserte tilførsler av atlantisk vatn, men også auka beitepress frå ei veksande sildestamme. I 1997 stoppa den nedadgående trenden, og den totale biomasse dyreplankton låg mellom 1995- og 1996-nivået.

I juni 1997 observerte vi stor produksjon av loddelarvar frå Torsvåg i vest til Varanger i aust, og forholda i

1997 minner om dei gode åra 1989-1993. Hausten 1997 blei det påvist loddeyngel i store deler av Barentshavet. 1997-årsklassa av lodde synest dermed å vere mykje meir talrik enn forutgåande årsklasser, og dette er lovande med tanke på tilveksten av lodde i Barentshavet.

I 1997 fann vi svært høge konsentrasjonar av sildelarvar langs norskekysten frå Jæren til Røstbanken, med dei største førekomstar langs kysten av Møre og Romsdal og over Haltenbanken. Det var ein klar auke av larvemengdene i forhold til i 1995, og larveindeksen i 1996 var den høgaste sidan 1985. Ei rekke forhold er med å bestemme årsklassesstyrken. Forseinka vårbløming, og därlege næringsforhold førte til liten vekst og stor døyning, slik at den vellukka gyttinga med rekordstore mengder nyklekka sildelarver i april gav truleg berre ei under middels årsklasse sild. I tillegg er det usikkert kor mykje av årsklassen -97 som vil vekse opp, så stort beitepresset frå torsk på ungsild i Barentshavet no er. Eit lyspunkt her er at loddar er på veg opp igjen, og dette kan fjerne noko av beitepresset på småsilda.

Innhaldet av organiske miljøgifter, som PCB (polyklorerte bifenylar) i torskelever frå Barentshavet, er vesentleg lågare enn typiske verdiar frå torsk i område med høg miljøbelastning, som sørlege delar av Nordsjøen og Austersjøen. I fisk frå nordlege delen av Nordsjøen er også verdiane låge, men auka nivå er observerte i botnsedimenta i dei djupare delene av Skagerrak og Norskerenna, noko som vert reflektert i verdiane frå fisk frå dette området.

Konsentrasjonar av PAH (tjørestoff) i sediment er også monaleg auka i Skagerrakkassenget/Norskerenna, og er i høve til SFT sin klassifikasjon karakterisert som "nokså därlege". Analysar av botnsediment frå Haltenbanken og frå soklane rundt Færøyane, Island og Jan Mayen inngår no også i Hafsforskningsinstituttet si miljøkartlegging av nordlege havområde. Nivåa av PAH og PCB (polyklorerte bifenylar) i overflatesediment på dei undersøkte lokalitetane i Norskehavet var svært låge, og i mange tilfelle under målegrensa for enkeltkomponentar

innan desse stoffgruppene. Sedimentkonsentrasjonar av tungtalla bly, kvikksølv og kadmium var også låge.

Den omfattande olje- og gassproduksjonen i sentrale og nordlege Nordsjøen fører også til auka miljøbelastning. Det er påvist oljerestar i fisk, men konsentrasjonane er så låge at dei neppe påverkar fiskekvaliteten.

I 1997 har Hafsforskningsinstituttet vore med på å utarbeide ein statusrapport om overgjødsling (eutrofiering) i kystvatnet frå Skagerrak til Vestlandet. Langs Skagerakkysten er det påvist til dels monaleg regional påverknad av næringssalt og organisk materiale. Dette skuldast langtransport av slike stoff frå kystområda i sørlege Nordsjø og Kattegat/Austersjøen. Resultata frå undersøkingane dannar grunnlag for politiske avgjerder om tiltak med kostnader på fleire milliarder kroner.

Etter syttiåra har det vore ein monaleg auke i tilførlene av menneskeskapte næringssalt, i hovudsak nitrogen, til Skagerrak frå sørlege Nordsjøen og Kattegat. Tilførlene er særleg store i år med milde vintrar og kraftig nedbør over Nord-Europa. Nedbøren i seg sjølv er rik på nitrogen, og det blir vaska mykje næringssalt ut frå jordsmønn. Det meste kjem via store elvar som Elbe. I milde vintrar med mykje nedbør er i tillegg den dominerande vindretninga ofte sørleg. Vassmassar frå sørlege Nordsjøen blir då snarare og meir direkte ført inn i Skagerrak. Vinteren 1997 var det eit kjølig klima i Nord-Europa, og relativt lite nedbør og avrenning. Vi observerte difor ikkje uvanleg høge konsentrasjonar av nitrogen i Skagerrak gjennom våren, og heller ikkje unormal næringssaltsamansetjing i særleg grad.


I 1997 starta vårbløminga av kiselalgar langs svenske- og norskekysten av Skagerrak uvanleg tidleg. Det var mykje algar alt i januar, medan det normalt ikkje er så mykje algar før i mars. Mange ulike artar var relativt talrikt til stades. Kiselalgen Skeletonema costatum var mest talrik, men artar frå slektene Chaetoceros og Thalassiosira bidrog også betydeleg til den samla


algebiomassen. Etter denne tidlege vårbløminga kom det inga ny bløming, og i store trekk var plankton-algebiomassen stort sett under det normale resten av 1997.

I store trekk var det små problem med skadelege algar i Skagerrak i 1997. Det spesielle var førekommst av forholdsvis mykke *Alexandrium* spp. i mai-juni. I 1997 førte denne algen, med oppi 5-10 000 celler/liter, til at blåskjel akkumulerte paralyserandegifter over faregrensa ein periode i mai og juni. Sist det blei påvist lammande gift i større omfang i skjel langs kysten av Skagerrak var i 1982. Førekommsten av algeslekta *Chrysochromulina*, som vi mistenkjer kan favoriserast ved avrenning frå land, var ganske normal gjennom våren og forsommaren 1997. Høgaste registrerte konsentrasjon var 2.2 mill celler/liter. *Gyrodinium aureolum* ble i 1997 berre så vidt registrert i Flødevigen. I det vestlege Kattegat og nordlege Beltområde var det i september ei avgrensa bløming av *Gyrodinium aureolum*, som var årsak til noko døying blant botndyr på grunn av giftverknad då algen låg seg på botnen. Dei ulike arter av skjel-giftalgene *Dinophysis* hadde ein vanleg førekommst, sjølv om *D. acuminata* var ekstra talrik ein kort periode heilt på slutten av året, og *D. acuta* var noko mindre talrik enn normalt gjennom sin sesong. På grunn av påviste mengder av *Dinophysis* blei det i periodar varsle fare for diarégevande gift i skjel, men slik gift blei berre påvist i små mengder, ved eitt høve i Aust- og eitt i Vest-Agder, i mai og juni 1997.

Førekommsten av skadelege algar nord for Skagerrak var i 1997, som i 1996, relativt beskjeden. I Ryfylkefjordane registrerte vi ikkje noko *Prymnesium* av betydning. Det var heller ingen andre tilfelle av fiskedød langs kysten i 1997 som kunne knyttast til giftige algar, men i område der *Emiliania huxleyi* fanst i større mengder registrerte vi nokre stader appetittmangel og høgare døying blant oppdrettsfisk. I Nordland og Troms kan ein rik førekommst av kiselalgane *Leptocylindrus minimus* og *Chaetoceros* spp. ha same verknad i nokre oppdrettsanlegg. *Alexandrium* spp. førte nokre stader til opphoping av paralytisk gift i skjel frå Rogaland til Trøndelag i perioden april-juni.

I Rogaland var problemet noko større enn tidlegare. Men som vanleg var problemet størst i juli blei det påvist paralytisk gift i skjel over faregrensa i Nordland, og i september i Troms (Tromsø) og Finnmark (Vadsø), der skjela var giftige også gjennom oktober. Paralytiske gifter har tidlegare ikkje vore vanlege i Nord-Noreg, og 1997 var første gong slike gifter blei påvist i Finnmark. Dette tyder at vi no kan få paralyserande gifter langs heile kysten frå svenskegrensa til Finnmark. *Dinophysis* spp. førekomm av og til over faregrensa på strekninga frå Rogaland til Nordland, men diarégevande gift av noko omfang blei berre påvist i Sognefjorden.





Programleiar: Eirik Slinde

Målet med dette programmet er å produsere materiale til forsking og halde operative linjer for laksefisk, kveite, kamskjel og torskefisk slik at rådgjevingsgrunnlaget for havbruk til ei kvar tid er oppdatert. Det skal gjevest forvaltingsråd innan helse- og miljøovervakning, inkludert aktuelle spørsmål knytt til rømd oppdrettsfisk/genetisk modifiserte organismar. Ein skal utføra genetiske analysar og gje forvaltingsråd om biodiversitet av laksefisk.

Senter for havbruk skal til ei kvar tid vera best mogeleg utstyrt og fagleg oppdatert for å kunne gje god rådgjeving innan havbruk.

For å kunna utføre god forsking, må ein ha kunnskap om, og kjenne historia til det forskingsmaterialet ein brukar. Næringsutvikling, oppdragsforsking og rettleiing krev at vi har størst mogeleg kunnskap om aktuelle liner for produksjon, at desse vert driven på same vis som i næringa, og at dei er moderne.

Programmet inneholder prosjekt for produksjon av laksefisk, kveite, kamskjel og torskefisk. Resultat frå aktivitetar innan helse og sjukdom, havbeite, genetiske analysar og MØM

(modellering - oppdrett - matfisk) gir grunnlaget for den rådgjevinga og rettleiinga som instituttet gjev.

Innan marine artar er aktivitetane no samla om kveite- og kamskjelforskning. Forsking på steinbit er avvikla og hummarklekkeriet nedlagd. Det er og slakta ned store mengder torsk. Dette fordi økonomien ikkje tillet aktivitet på desse områda.

Produksjon av laksefisk

Matre havbrukstasjon har liner for produksjon av laks, regnbogeaure og røye. Forsking på vekst og kjønnsmogning har ført til at norsk lakseoppdrett er mest årtids-uavhengig. Matre havbrukstasjon har difor ei produksjonsline som produserer laksesmolte yngre enn eitt år, såkalla «nullåringar». Denne produksjonen er i år tilgjengeleg for forsøk på lik linje med den vanlege eitt års-smolten. Desse linene er baserte på dei gamle laksefamiliane som stasjonen har halde i avel sidan sist på 80-talet, og av materiale frå Norsk lakseavl og MOWI.

Som ein konsekvens av det etablerte EU-prosjektet «Steril laks», og interessene kring sterile oppdrettsorganismar, har vi og liner for såkalla steril laks, «all female» (populasjon med berre hoer) og «all male» (populasjon med berre hannar). Desse populasjonane er og tilgjengelege for våre internasjonale samarbeidspartnerar. Den totale forsøksfiskbestanden er no stabil på ca 45.000 individ.

I løpet av året har vi prioritert helse, miljø og tryggleik (HMT). Dette systemet er no i drift ved stasjonen, og dette vil ytterlegare sikre personalet og det forskingsarbeidet vi driv. Den planlagde utbygginga av Matre havbrukstasjon vil gjera arbeidsmiljøet og kvaliteten på forskinga enno betre. I 1977 har vi kjøpt eit bygg som står sentralt i dette prosjektet. Etter pålegg frå veterinærstyremaktene har vi starta arbeidet med å etablere ein ny lokalitet for sjøanlegget til stasjonen.

Helse og sjukdom

Havforskningsinstituttet sitt smitte-laboratorium er blitt inspirert av Statens dyrehelsetilsyn og har fått fornøya godkjenning. Vi arbeider no med å installere eit system som vil betre tryggleiken ytterlegare når det

gjeld utslepp av smitteførande utsleppsvatn. Samstundes vert den generelle hygieniske standarden ved laboratoriet betre.

Vår grunnleggjande forsking innan helse og hygiene gjer at vi raskt kan svare på spørsmål som forvalting og næring stiller. I denne samanhengen har vi gitt fleire foredrag og orienteringar ved utanlandske, som ved innanlandske vitjingar.

Drift av analyselaboratoriet vårt, smittelaboratoriet og den forsøksfisen vi har, gjer beredskapen tenleg for aktuell sjukdomsforskning og -forvalting.

I 1997 har vi svart på fleire spørsmål om sjukdomar hos akvatisk organismoar. Dette er mellom anna høyringar til Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet og Fiskeridirektoratet, og i tillegg førespurnader frå fylkeskommunar og helsetilsynet. Ved sidan av dette får Senter for havbruk fleire munnlege spørsmål om sjukdomar både hos oppdrettsfisk og villfisk.

Forskarane som arbeider med sjukdom har vore med på seks nasjonale eller internasjonale møte der ein har diskutert forvalting av fiskesjukdomar. I denne samanheng er det utarbeidd ein rapport frå ICES om sjukdom hos oppdrettsfisk og villfisk, og vi er med i ei gruppe ved Landbruksdepartementet som skal utarbeide ei tilråding om hald av oppdrettsfisk under «Europa-konvensjonen om vern av produksjonsdyr».

I 1997 har vi brukt ca 2000 dyr og nokre få kamskjel i forsøk. Det er gjennomført rutineanalyser av fisk frå instituttet sine forsøksstasjonar ved Matre, Austevoll og Parisvatnet. Nokre få prøvar av villfisk er også analyserte.

Alle forvaltingsrelaterte spørsmål har vi svart på, og drifta av laboratoria har gått som planlagt. På grunn av det store talet med kveite som døydde i tidleg alder i Austevoll og ved fleire kommersielle anlegg, har det vore vanskeleg å skaffa nok materiale til forskningsprosjekta innanfor helse på kveite.

Produksjon av kveite

I 1997 har det vore ein høg aktivitet ved Austevoll havbrukstasjon, både innan produksjon av gytarar frå normalt gytetidspunkt og frå haustgytarar. I 1997 har vi gjort store framsteg for å optimalisere produksjonen i dei tidlege livsfasane. Eit nytt kurs om kveiteyngel er gitt i haust.

Ei oppsummering av våre forventingar til produksjonen, tilseier at ein 5 g yngel skal kunne produserast på 150 døgn med 10 % overleving. Ein slakteklar 5 kg fisk skal kunne produserast på 42 månader (3,5 år).

Kveita tolte ikkje den høge sjøtemperaturen sist sommar, og all kveite vi hadde i sjøen døydde. Mesteparten av kveita i Austevoll går imidlertid i kar på land, i sjøvatn som er teke inn frå djupna. Dette vatnet er kaldt, og denne fisken hadde det fint.

Eit problem som må løysast, er virussjukdommen VER. Ein må her få fram stamfisk fri for virus, eller det må utviklast ei vaksine. Dette arbeidet er i godt gjenge. Yngelproduksjon av kveite er i dag avhengig av levande fôr og innsamla dyreplankton, og innsatsen på å utvikle eit formulert fôr bør aukast.

Kamskjel

Havforskningsinstituttet har gjennom «Kamskjelprosjektet» ei nøkkelrolle i utviklinga av ei skjelnæringsindustri i Noreg. I 1997 nådde vi målet for produksjon av 2 millionar kamskjelyngel.

Problemet med ein stabil yngelproduksjon er ikkje nådd, og det er mellom anna behov for antibiotika i produksjonen. Noreg har i dag eit privat kamskjellklekkeri der vi ved Havforskningsinstituttet gjer mykje av vår forsking. Finansieringa er knytt opp mot NUMARIO (næringsutvikling av marine artar i oppdrett), og den kunnskapen vi nyttar i forvaltinga vert henta frå desse prosjekta. Kamskjelprosjektet er og kunnskapsbasen for all forvalting av andre skjel, som østers og blåskjel. Eit problem for etablering av ei skjelnæringsindustri i Noreg er at Landbruks- og Fiskeridepartementet ikkje kan få til ein akseptabel giftkontroll for skjel.

Torskefisk

I 1997 har vi det bygt opp ein eigen bestand av stamfisk ved feltstasjonen Parisvatnet i Øygarden. Parisvatnet er no det einaste anlegget i Noreg som produserer torskeyngel. I 1997 produserte vi 150.000 yngel. Av desse blei 80.000 selde til oppdrettarar; resten vart brukti i forsøk. Bruk av lys og betre forståing av tilvekst og kjønnsmognning har ført produksjon av torsk nærmare kommersialisering.

Miljøeffektar


Forvalting knytt til rømt oppdrettslaks, genutveksling mellom organismar, og eit nytt forvaltingsystem for matfiskanlegg (MOM) er krevjande. Ved genetikklaboratoriet er det utført genetiske studiar av havbeite og oppdrettsorganismar (laks, kveite, kamskjel, torsk og hummar), og ville bestandar (sild, torsk, laks, sjøaure og kråkebollar).

Forskarane ved Havforskningsinstituttet har vore aktive i diskusjonen om genutveksling mellom oppdrett og vill laks. Diskusjonen visar at vi manglar grunnleggjande kunnskap om genetiske strukturar hjå ville bestandar og hjå oppdretta laks. Frå 1998 har styret ved Havforskningsinstituttet vedtatt opprettning av eit program for «marint biologisk mangfold», og med det lagt føring på at denne aktiviteten og andre forskingsoppgåver knytt til biodiversitet skal prioriterast.

Modellering - matfisk - oppdrett (MOM) er eit system som kan brukast til å regulere miljøpåverknad frå matfiskanlegg etter bereevelna til lokaliteten. Systemet byggjer på eit generelt konsept for regulering av påverknad, der grenseverdiar er sett ut frå store påverknader. I 1996 vart systemet prøvd ut på 31 anlegg i fire regionar. Systemet vart justert på grunnlag av erfaringane, og ei revidert utgåve av overvakningsprogram og miljøstandardar utarbeidde vi i 1997. Desse er no klare til å takast i bruk, og Havforskningsinstituttet skal bidra i dette arbeidet.

Havforskningsinstituttet er ikkje i stand til å innfri forventningane til St meld nr 48 «Havbruk - ein drivkraft i norsk kystnæringsindustri» med dei ressursane Senter for havbruk i dag får frå Fiskeridepartementet.





Programleiar: Jacob Gjøsæter

Målet for dette programmet er å bringe fram kunnskap om marint miljø og biologiske ressursar som grunnlag for ei samla, berekraftig forvalting av kystsona, med optimal verdiskaping og minimale interessekonflikter.

Programmet starta i 1996, men ein del prosjekt er overførte frå andre program. Arbeidet følger tre liner for å nå målet til programmet:

- Vi arbeider for å kartlegge konvensjonelle- og ukonvensjonelle ressursar med spesiell interesse i kystsona
- Vi arbeider for å registrere og analysere kystnære økosystem for å kunne gje råd om bruk av kystsona, og for å kunne registrere og tolke endringar
- Det er lagt inn et forvaltingsretta prosjekt som har ansvar for rådgjeving i spørsmål som gjeld kystsona.

Arbeidet i programmet har til no vore mest konsentrert om Skagerrakkysten, men med nokre prosjektaaktivitetar på Vestlandet og på Møre. Dette verkefeltet ønskjer vi å utvide, slik at vi får meir generell kompetanse på kystsona. I programmet har vi lagt stor vekt på å utvikle eit godt samarbeid med andre institusjonar, først og fremst universiteta i Oslo og Bergen,

med NIVA, både sentralt og med Sørlandsavdelinga, og med den marine seksjonen av NINA. Dette gjev oss ekspertise som programmet elles ville mangle, og det har vore ein styrke i konkurransen om prosjekt. Det vil bli lagt vekt på å få eit nærrare samarbeid også med institusjonar vidare nordover langs kysten.

Prosjektet Kystsoneforvalting, overvaking og rådgjeving har som mål å overvake fauna og flora i utvalde område i kystsona, og å gje informasjon og rettleiing til fiskeri- og miljøstyresmakter, til fylke, kommunar og andre som skal bruke eller forvalte kystsona.

Vi arbeider no med ei kartlegging av gyteplassar på Sørlandskysten. Vi satsar på å samle inn kunnskap som eldre fiskarar har, og å bruke våre eigne data til å beskrive gyteområde for torsk og andre viktige arter.

Sjøaure vert studert etter oppdrag frå Direktoratet for Naturforvalting og Fiskeforvaltaren i Aust-Agder.

Dei årlege strandnotgranskingane vart gjorde i september - oktober, og ein del ekstra stasjonar blei tekne i Oslofjorden i samarbeid med NIVA og etter oppdrag frå Fagrådet for indre Oslofjord. Rekrutteringa av den viktigaste kystbestanden, torsk, var i 1997 noko under middels. Året utmerka seg med mykje sardin og ansjos, noko som kan setjast i samanheng med den svært varme sommaren.

På oppdrag frå SFT vart fiskefaunaen og botnfaunaen i djupe område av ytre Oslofjord granska i november 1997. Resultata viser at fiskefaunaen ikkje er tydeleg påverka av dei låge oksygenkonsentrasjonane som er observert etter at den vanlege årlege vannutskiftinga uteblei. Målet for prosjektet Lokale fiskeressursar på Skagerrakkysten og i fjordar på Vestlandet er å kartlegge mengde, bestandsstruktur, utbreiing og økologi hos fiskeslag på Skagerrakkysten og i nokre fjordar på Vestlandet, som er viktige kommersielt for rekreasjon eller økologi.

Arbeidet med å kartlegge fiskeressursar på Skagerrakkysten

og i et par fjordar på Vestlandet er godt i gang. Sjølv om feilkjeldene er store, ser det ut til at den metoden vi har brukt kan gje nyttig indikasjon. Men metoden er i dag neppe nøyaktig nok til å kunne skilje årsvariasjonar frå målefel. Det bør difor satsast meir på metodeutvikling før ein eventuelt set i gang regelmessige surveys.

For torsk, aure og bergnebb har me gjort nokre biologiske granskningar som gjev betre innsikt i livshistoria og dynamikken til desse populasjonane.

Av ukonvensjonelle kystressursar har vi sett på rognkjeks. Fangststatistikken for 1991-1997 viser at det har vore rundt ei dobling av utbytte kvart år dei tre siste åra. Utbytte målt som fersk rogn var i 1997 over 11 tonn. Den beste fangstsesongen har vore omkring vekene 10-20. Størrelsesfordelinga av den fisken som vart teken på Skagerrakkysten var omrent som på Island.

Målet for prosjektet Fauna og økologiske relasjoner i strandsona, er å kartlegge historiske og geografiske variasjonar i grunnvassfaunaen på Skagerrakkysten på grunnlag av haustgranskningane med strandnot. Vi granskar samanhengar mellom dei samfunna og einskildartane vi finn, og mål for klima- og miljøparametre. På grunnlag av dette vil vi utvikle kriterier for "normale tilhøve" til bruk for miljøovervakninga.

Vi vil og samle kunnskapar om "normaltilhøve" i ein sørlandsfjord (Søndeledsfjord ved Risør) som kan tene som ein modelfjord for denne kyststrekninga.

Arbeidet med strandnotdata viser at fiskesamfunnet i strandnære område i Oslofjorden skil seg klårt ut frå det vi finn elles på Sørlandskysten. Vi arbeider no for å beskrive og kvantifisere desse forskjellane. Fleire arbeid viser at dei faktorane som styrer dei lange sviningane i bestandane av torskefisk, har ein skala større enn Skagerrakkysten, og at dei difor truleg vert styrde av fenomen med stor geografisk utbreiing, som til dømes klima. År til år-variasjonar og sviningar med kort syklus, varierer derimot frå fjord til fjord.

Målsetjinga med prosjektet Miljøstatus i Aust-Agder, er å bidra til å kartlegge

miljøet og legge grunnlaget for ei formålstenleg overvaking av miljøforholda. På sikt har vi tenkt at arbeidet skal omfatte også andre fylke. Dette prosjektet er finansiert av oppdragsinntekter.

Målet for prosjektet Konkurranse og mengde av ung hummar, er å danne grunnlag for å vurdere nytten av å setje ut hummaryngel. Vi undersøkjer økologien til nyleg bunnslagen hummaryngel. Vi vil teste om tettleik og overleving vert påverka av konkurranse om mat og skjul mellom hummar, mellom hummar og andre krepsdyr, og av rovdyr. Prosjektet, som i hovudsak vert gjennomført på Vestlandet, er ein del av eit større EU-prosjekt, og byggjer på røynsle frå arbeid i PUSH-programmet.

Prosjekta Tareskogen som økosystem og Taretrålinga si tyding for fisk, skal auke forståinga av samfunnsstruktur og energiflyt gjennom økosystemet i ein tareskog. Vi vil også undersøke kva taretråling betyr for fisk.

I 1997 har vi undersøkt kva slags fisk som finst og korleis dei er fordelt. Mageprøver av fisk fanga i 1996 er analyserte. Forsøk med å registrere fisk med ekkolodd i tareskogen har ikkje vore heilt vellukka. Vi har difor gått over til å registrere fisk under dykking langs faste ruter. Dette fungerer svært bra, og metoden kjem til å bli nyttu under resten av prosjektperioden. I mai 1997 dominerte sei, lir, tangkutling og berggylte i registreringane, mens lir, tangkutling, ung torskefisk og berggylte dominerte i juni.

I september 1997 tråla vi tare på ein lokalitet der ca halvparten av tareskogen blei berørt. Like før og etter trålinga vart fisk registrert langs dykkeruter. Ei førebels tyder på at det var omlag like mykje leppefisk på tråla og utråla område, medan registreringane av torskefisk vart noko lågare etter tråling. Disse registreringane skal følgjast opp til neste år.

Det er laga ein status rapport for krabbe i samarbeid med Møreforskning med ei systematisering og presentering av taskekabrabbens biologi,

nærings og forvalting. Vi påviste betydeleg mangel på kunnskap om krabben sin biologi, økologiske tyding og bestandsregulerande faktorar.

Prosjektet Torskerekuttering skal teste ein ny rekrutteringshypotese for torsk, og ein hypotese om årsaker til nedgangen i rekrutteringa av torsk, lir og kviting i nokre område på Skagerrakkysten.

Det er gjennomført to tokt med «G.M. Dannevig» til Risørfjordane og Grenlandsfjordane. Hovudformålet med tokta var å undersøke dødeleghet av torsk yngre enn eitt år (0-gruppe) i det aktuelle tidsrommet. Resultata tyder på at det har vore stor døying av 0-gruppe torsk i begge områda. Samanlikna med resultat frå 1995 og 1996 tyder desse undersøkingane på at dødeleghet etter at torsken har bunnslag seg, har stor innverknad på rekrutteringa.


Under prosjektet Leppefisk: Økologiske effektar av fiske og fangst, er det sett i gang opparbeiding av materiale som er registrert i samband med dei faste strandnot- og rusefangstane vi årleg utfører på Sørlandskysten. Dette materialet vil gje oss informasjon om dei normale svingingane i leppefiskbestandane, før ein byrjar fange leppefisk til avlusing av laks.

Det er sett i gang merking av leppefisk i eit område på

Sørlandet, og i eit på Vestlandet. I det sistnemnde området er det tre lokalitetar, og den eine av desse har det vore fiska hardt på dei siste åra. Det har vore bra med gjenfangstar, og gjenfanga fisk blir lengdemålt, ve les av merka og set fisken ut igjen. Vi samlar også inn otolittar for aldersbestemming.

Vi veit at bergnebb og til dels grøngylte er svært talrike på Skagerrak- og Vestlandskysten, men vi veit lite om mengde og bestandsstruktur. Vi veit heller ikkje mykje om vekst, døying og rekruttering.

Førebels analyse av data frå Skagerrakkysten tyder på at fisket så langt ikkje har påverka bestanden i målbar grad. Observasjonar på Vestlandet tyder derimot på at bergnebb lett blir overbeskatta. Vi har ikkje grunnlag for å gi sikre svar på kva denne skilnaden kjem av, men både bestandsstorleik og rekrutteringsevne kan vere avgjeraende. Det er også truleg at beskatningstrykket kan vere større på Vestlandet enn på Sørlandet.



ØKOSYSTEM NORSKEHAVET - "MARE COGNITUM"

Programleiar: Svein Sundby

Det overordna målet for «Mare Cognitum» er å identifisere dei viktigaste faktorane og mekanismane som årsakar variabilitet i økosystemet i Norskehavet. Slik grunnleggjande innsikt i korleis økosystemet verkar, vil bli brukt som grunnlag for utarbeiding av metodar for prognosar om utviklinga i havklima, produksjonstilhøve og fiskebestandane. Dette er det naudsynte kunnskapsgrunnlaget for det neste store målet: ei økologisk forvalting av ressursane i Norskehavet.

Nye prosjekt frå 1997

Programmet hadde i 1997 ti hovudprosjekt, eitt meir enn i 1996. Eitt prosjekt vart avslutta ved års-skiftet 1996/97, medan to nye starta opp i 1997. Dei to nye prosjekta har styrka programmet på havklimaforsking og økosystemmodellering. På desse områda har det også frå programmet si side lenge vore ønskeleg med ei tyngre satsing. Havklimaprosjektet er eit internasjonalt prosjekt støtta av EUs forskingsfond. 16 forskingsinstitutt innan fysisk oceanografi, heimehøyrande i ni europeiske land, er med på prosjektet.

Målet er å beregne mengde/volum og

variabiliteten av straumgreinene som går inn og ut av dei nordiske hava, dvs. djuphavsområdet mellom Noreg, Færøyane, Island, Grønland og Spitsbergen. Dette er eit viktig grunnlag for å beskrive og forklare årsakene til havklimasvingingane i dei norske fiskeriområda. Noreg har ansvaret for å måle og beregne vassutvekslinga mellom Norskehavet og Barentshavet, og straummålarar er no sett ut langs ei linje mellom Spitsbergen og Noreg. Dei første måledata vil bli henta inn frå felten i mars 1998.

Det nye prosjektet på økosystem-modellering dreier seg om Benguelastrømmen utanfor Vest-Afrika, og er såleis også tilknytt programmet Fiskeriforskning i utviklingsland. «Mare Cognitum» har interesse av dette temaet av komparative grunnar: Norskehavet er eit økosystem der planktonproduksjonen er dominert av vårbloominga og der dyreplankton og fisk er tilpassa å utnytte denne korte og hektiske produksjonen. Planktonproduksjonen i Benguelastraumen er dominert av produksjon heile året fordi vindsystemet i området som gjev oppstrøyming av næringsrikt vatn langs kysten. Dyreplankton og fisk er difor her tilpassa kontinuerleg nærings-tilførsel, og dette kan gje til dels ekstremt høge konsentrasjonar av dyreplankton. Det interessante komparative aspektet er å sjå på tilhøvet mellom produksjonen av fisk og dyreplankton, som både har ein svært ulik samla årsproduksjon, og der det sesongmessige forløpet i produksjonen er svært forskjellig for dei to økosistema.

Planktonproduksjonen synest vere så voldsom i slike oppstrøymingsområde, som Benguelastraumen, at svært mykje av produksjonen blir felt ut på botnen utan å bli nytt av fisk. Førebelse resultat frå prosjektet viser at vi reproduserer bra dei viktigaste hovudtrekka i strøymingsmønsteret i modellområdet. Viktigast er likevel at dei sentrale oppstrøymingscellene, som er hovedområda for planktonproduksjonen, blir reprodukserte svært godt. Produksjonen er nesten fem gonger større enn i Nordsjøen, og høgast nær grensa til Angola. Vi har vidare arbeidd med grenseflatevilkåra for modellen, for å justere

Agulhasstraumen, som kjem inn i modellområdet ved Sør-Afrikas sørlege kyst. Dei første resultata blei presenterte på møte med sør-afranske forskarar i Cape Town i oktober. Vi arbeider med å betre modellen med meir detaljerte miljødata, særleg satellittinformasjon.

Klimautviklinga i Norskehavet vert nøyne følgd

Klimautviklinga i Norskehavet vert følgd med stor interesse frå Havforskningsinstituttet, både fordi veksten og vandrings for fiskebestandane er svært avhengige av temperaturtilhøva, og fordi området er eit nøkkelområde i global sammenheng når det gjeld problemstillingane om klimaendringar. I området foregår det om hausten og vinteren storstilt



danning av botnvatn.

Når innstrøymande salt og tungt Atlanterhavsvatn blir avkjølt, blir enno tyngre og sekk ned til store havdjup i Norskehavet og Grønlandshavet. Derifrå strøymer det vidare tilbake over tersklane mellom Skottland og Grønland, og forsyner heile Atlanterhavet med tungt djupvatn. Avkjølinga over lengre tid av dei øvre vassmassane skuldast ei forflytting og aukande utbreiing av vassmasser av arktisk opphav frå Grønlands- og Islandshavet mot sør aust i Norskehavet. Det er likevel ikkje grunnlag for å konkludere at den varme og salte Atlanterhavstraumen som går opp langs den norske kontinentalsokkelen er svekkja. Forflytningen av dei arktiske vassmassane har samanheng med endringar i vindmønsteret over dei nordiske hav. Temperaturen i djupvatnet har vist ei kraftig auke i Grønlandshavet sidan slutten av



1970-talet og i Norskehavet frå byrjinga av 1980-talet. Alle desse faktorane kan tyde på at det har vore ein reduksjon i danninga av djupvatn i Norskehavet. Vi trur dette er ein viktig faktor i forklaringa av klimaendringer over lengre tid, og dette kan igjen ha mykje å seie for silda sitt val av vandringsruter og overvintringsstad.

Djupvassdanning i Grønlandshavet

I samband med dei internasjonale studiane av vassmasser og plankton i Grønlandshavet, blei vassmassane i det sentrale Grønlandshavet hausten 1996 merka med eit spesielt stoff, svovelhexafluorid SF₆, som kan målast i svært små koncentrasjonar. Fordelinga av stoffet har no blitt kartlagt tre gonger, seinast sommaren 1997. Høgaste koncentrasjonar blei målt mellom 200 og 600 m djup. Stoffet har heile tida vore koncentrert til det same området, noko som viser at det er eit kraftig konveksjonsområde der djupvassdanning pågår. I tillegg blei også 18 undervassflåter sleppte ut mellom 200 og 1000 m djup. Også flåtene er koncentrerte til det same området. Dei har alle gått i ring heile tida innan ein svært begrensa sirkel. Diameteren på denne sirkelen er ikkje større enn ca 180 km. Med dette har vi identifisert meir detaljert dei sentrale områda for djupvassdanning og fått auka innsikt i mekanismane i transport av organisk karbon frå overflatelaga mot djupet.

Sein start på planktonproduksjonen i 1997

Eit omfattande måleprogram for plankton har i 1997 føregått om bord på «Polarfront» på stasjon M i posisjon 66°N, 2°O. Normalt startar blominga av plantoplankton i dette området mellom midten av april og midten av mai. I 1997 kom blominga sein i gang, først omkring 10. mai. Dei relativt låge koncentrasjonane av plantoplankton etter blomstringstoppen, indikerer at nedbeitinga frå dyreplankton starta omgående og må ha vore svært effektiv.

Produksjonen av raudåte startar langs Norskekysten og brer seg som ein bølgje nordvestover i havet

Resultata frå granskingar av dyreplankton frå første halvår 1997 viser igjen den dominante rolla til raudåta (*Calanus finmarchicus*) i Norskehavet. Produksjonen av den nye generasjonen av raudåte starta inne ved kysten. Regelmessig innsamling på Svinøysnittet viser at raudåteproduksjonen over sokkelen starta i mars, noko seinare i høve til året før. Raudåtas gyteprodukt, dvs. egg og dei tidlegaste og små stadia, har difor dannat næringsgrunnlaget for sildelarvane og larvar til andre fiskeslag som vert klekte på kysten på denne tida. Produksjonen har så breidd seg som en bølgje nordvestover i Norskehavet ved at gytemoden raudåte lokalt stig opp frå djupet for å gyte i dei øvre lag i sjøen, og det er ein tidsforsinkelse mot nordvest i denne prosessen. I dei sentrale delane av Norskehavet passerer gytebølgja seks - åtte veker seinare, og først i juni nådde den dei vestlege delene av Norskehavet. Det er denne «bølgja» som er eit viktig grunnlag for å forstå gytinga og næringsvandringa til silda i Norskehavet utover sommaren. Først i månadsskiftet juni/juli er produksjonen av raudåte nådd Jan Mayen-området. Då er allereie produksjonen av 2. generasjon av raudåte starta inne ved Norskekysten. Denne andre bølgja når likevel ikkje vest i havet før vinteren set inn og raudåta og silda igjen vandrar kvar til sitt, raudåta som alltid til overvintring på store havdjup.

Frå «Polarfront», som ligg stasjonært i vestkanten av Voringplatået, har det regelmessig gjennom heile året blitt samla inn prøver. På same måte som produksjonen av plantoplankton kom sein i gang i 1997, har også produksjonen av dyreplankton kome tilsvarende seinare i gang. Vi har enno ikkje fått avklara kva følgjer dette har hatt for beitevandringa for sild, men vi har grunn til å tru at den lave veksten av sild i 1997 kan vere knytt til den forseinka og låge produksjonen av plankton i Norskehavet.

Fiskebestandane si åtferd, mengde, utbreiing og næringsval
I 1997 er det også gjennomført kombinerte granskinger av plankton i sjøen og analyser av mageinnhold. I tillegg har vi målt temperatur og saltinnhold. Silda si symjehastighet og stimåtfred blei registrert med den spesielt eigna sonaren som finst om bord på «G.O. Sars». Sildestimen si åtferd blei observert ved polarfronten vest i Norskehavet, og vidare studerte vi korleis silda endrar vertikalfordeling gjennom døgnet. Under beitevandringa i Norskehavet i 1997 følgde silda framleis polarfronten nordover, men eit par stimar braut gjennom Aust-Islandsstraumen.

Mengdeberekning av fiskeartane sild, kolmule, makrell, hestemakrell, laks, rognkjeks, mesopelagisk fisk og blekkspruten Gonatus blei gjennomført på tokt i slutten av juli og første halvdel av august. Konsentrasjonane av sild var då lokalisert ganske langt nord, dvs nord for 69 °N, med hovudkonsentrasjonar omkring 72 °N. Silda var fordelt i svært tette konsentrasjonar i dei øvre 40 m av sjøen, og særleg omkring 20 m djup. Bestanden består no hovudsakleg av 1990-92 årsklassane, og berre små mengder av dei tidlegare sterke 1983- og 1984-årsklassane.

Kolmula rådde grunnen i dei sørlege områda av Norskehavet, med høgaste konsentrasjonar i området frå Færøyane og Shetland og nordausover til området utanfor Storegga. Med ein berekna biomasse på 4.9 mill. tonn, er bestanden i år sterkt samanlikna med i 1995 og 1996, då bestanden var i underkant av 2 mill. tonn. Eitt- og to-åringane dominerte bestanden. Som venta blei 0-gruppe kolmule berre registrert i det sørlege området og nordvest av Shetland. Makrell og hestemakrell blei i år ikkje registrert i vesentlege mengder nord for 66 °N. Samanlikna med 1995- og 1996-fordelingane var det i år ei mindre utbreiing av makrell, men hestemakrell viste i år ein meir nordleg fordeling enn dei to føregåande åra. Vi registrerte nærmare 200 postsmolt i området mellom Shetland og Færøyane i byrjinga av juni. Det var difor ei stor overrassing at det under toktet i juli - august i Norskehavet berre blei fanga ubetydelege mengder postsmolt. På dei tilsvarande tokta i Norskehavet i

1995 og 1996 registrerte vi postsmolt over heile Norskehavet. Ei mogleg forklaring kan vere at høgare overflatetemperatur i dei sentrale delane av Norskehavet har fått smolten til å trekke ut i kaldare vatn lenger mot vest og utanfor dekningsområdet for toktet.

Nye forenkla metodar for måling av planeteplanktonproduksjonen


I granskingane av planeteplankton er det arbeidd med å forenkla målingane av fotosyntese. Det ser no ut til at det er mogleg å berekne fotosyntesen rimeleg nøyaktig ved å bruke fluorescensmålingar i staden for dei meir nøyaktige, men svært tidkrevjande inkuberingsforsøk med radioaktivt karbon. Vi vil dermed kunne få større datamengder på eit felt der vi har svært begrensa ressurser.

Nye metodar i plankton- og fiskeriakustikk

Arbeidet med å beskrive dei detaljerte akustiske eigenskapane til raudåte og krill har halde fram i EU-prosjektet «Breidbandsakustikk for dyreplankton og fisk». Vi har målt lydhastighet gjennom raudåte og krill, og granska spesifikk vekt av desse dyra. Samarbeidspartnerane har no utvikla nye modeller og nye typar akustiske svingare som kan bruke resultata frå Havforskingssinstituttet. Først når dette er gjort kan vi svare på om det er mogleg å definere spesifikke akustiske signaturar frå dei eiinskilde artane.

Planktoneksperiment i «mesokosmos»

Eksperiment i store flytande posar i sjøen utanfor Espegrind ved Bergen blei også i 1997 gjennomført i regi av MARICULT. Produksjonen av planete- og dyreplankton, og effekten av næringssalt og turbulens vart studert. Gjennom tekniske og teoretiske berekningar har vi no greidd å samanlikne turbulensen i posane med den «naturlege» turbulensen i naturen. I dei 8 m dype plastposane blei det laga eit 4 m tjukt øvre turbulent lag, medan dei nedste 4 m med tyngre vatn hadde låg turbulentintensitet. Resultata viser at turbulensen vi har laga i posane er svært høg i høve til det vi forventa. Turbulensnivået som vi genererte ved vertikalt svingande store gjennomsiktige plexiglass-ristar, svarte til turbulens i sjøen under frisk bris til full storm.



REPRODUKSJON OG REKRUTTERING

Programleiar: Olav Sigurd Kjesbu

Mål for programmet er å betre bestandsberekingane for fiskebestandane våre ved å få meir kunnskap om prosessane som regulerer reproduksjon og rekruttering.

Ei tid tilbake laga vi ein omfattande forskningsplan for programmet, og peika der på kva problemstillingar vi bør studere nærmare i perioden fram til år 2005. Torsk og sild vil vere mest i fokus, og arbeidet skal vere relevant for bestandsberekingane. Det vil bli lagt vekt på utvikling av rekrutteringsmodellar og metodikk for innsamling og studiar av dei tidlege livsstadia til fisken.

Programmet har i 1997 hatt prosjekt innan reproduksjonsfisiologi, mogning og eggproduksjon hos torsk og blåkveite. Andre viktige arbeidsoppgåver har vore å granske mikrostrukturen i otolitten (ørestesteinen) hos sildelarver, for å få data om dagleg tilvekst og bestandstilhøyring. Det har også vore arbeidd med modellering av larvedrift, betydning av turbulens på første næringsoptak og predasjon av fugl på larvar.

Instituttet blei i 1997 tildelt eit femårig strategisk program frå NFR innan reproduksjonsfisiologi på torsk. Dette omfattar alle tre

forskingssentra ved instituttet. I tillegg har forskarar ved Program 3 fått gjennomslag for ein ny EU-søknad for testing av kor presise berekningane frå otolitten sin mikrostruktur i røynda er. Søknaden var eit samarbeid med Universitetet i Bergen og partnarar i England, Spania, Tyskland og Frankrike. Eit pilotprosjekt på torskerekuttering saman med Skottland, Danmark og Island gjekk ut i 1997. Vi har planar om å vidareføre dette. I tillegg planlegg vi no eit stort internt «Torskelarveprosjekt II» fra 1999. Dette vil omfatte eit større fagfelt enn det tidlegare nemnde EU-prosjektet og vil vere ei oppfølging av eit tilsvarende feltsprosjekt ved instituttet på 80-talet. Ny kunnskap og metodikk gjer no at vi meiner tida er inne for å gå vidare med dette viktige arbeidet. Ein tenkjer å inkludere eit breitt utval av ulike rekrutteringsmekanismar på ulike livsstadier fram til årsklassesyrken er bestemt.

I 1997 har vi gjort granskningar i basseng og plastposar på Forskningsstasjonen Flødevigen av otolitt mikrostruktur hos norsk vårgytande sild og Clyde-sild. Analysene tyder på at under elles like tilhøve har larvane frå dei to stammene lik overleving, tilvekst og RNA/DNA-forhold. Imidlertid er det signal i materialet som tyder at larvar av Clyde-sild kan oppnå betre kropps- og otolitt-tilvekst under nokre miljøforhold. Ved lave byttedyrtihøve viste larvar av begge stammene svært lav kropps- og otolitt-tilvekst, og det var svært vanskeleg å sjå den daglege strukturen i otolitten under lysmikroskop. Resultata tyder at RNA/DNA-forholdet er ein god indikator på kondisjonen til fiskelarvene.

Eit tokt med F/F «Johan Hjort» i juli 1997 ved Røst hadde som mål å studere forholdet mellom lunde og sild. På grunn av den därlege situasjonen i lundekolonien på Herynken, med få lundar som mata ungar, og få observasjonar om innflygingsretning, bestemte vi å gjennomføre eit sildelarvetokt med fugleobservasjonar i området sør for Røst. Sildeyngelen vi fanga var frå 30 til 40 mm. Dette var ein lengdereduksjon på over 25% i forhold til 1996. Sild av denne storleiken har liten verdi som mat til lundeungane. Magegranskningar av lunde fanga i april 1996 viser at dei har spist amphipoder, krill og polychaeter.


Det nystarta strategiske programmet på torsk har som mål å etablere kunnskap om korleis ulike miljøfaktorar (ernærings, temperatur og lys) påverkar reproduksjon hos torsk. I første rekke vil vi ta i bruk histologiske metodar. Det strategiske programmet er eit samarbeid mellom forskningssentra ved HI, og tre doktorgradsstipendiatar. Hovedmålet er kompetanseoppbygging innan fiskefysiologi, for å gjere instituttet i stand til å møte nye utfordringar innan fagfeltet.


I fjor granska vi i rundtanken på instituttet, eggmengde og eggkvalitet hos førstegangsgytande norsk-arktisk torsk. Data frå desse forsøka inngår i studa av korleis samansetjinga og storleiken til foreldrebestanden påverkar rekrutteringa. Ein gjesteforskar frå Universitetet i Moskva deltok for å studere eggutviklinga i detalj. Under sesongen 1998 vil dei samme fiskane bli analyserte for å få kunnskap om korleis eggproduksjonen endrar seg med fiskens alder.

Studiar av førstegangsgytande kysttorsk og norsk-arktisk torsk, viser forbausande like resultat.

Turbulens har stor tydning for fiskelarver sitt første næringsopptak. Formålet med det gjeldande prosjektet var å undersøke verknaden av turbulens generert av tidevatn og andre typar lange bølgjer, på næringsopptaket for torskelarvar som beiter på dyreplankton. Slike typar av turbulens ser vi særleg i gruntvassområde langs kysten, område som ofte er viktige gyteområde for artar som sild og torsk. Førebels analyse av materialet viser at også lysforhold, i tillegg til turbulens, påverkar næringsopptaket til torskelarven. Vidare har vi registrert at storleiken av byttedyra i magene på torskelarvene kan variere relativt mykje mellom dei ulike lokalitetane.

Et prosjekt på blåkveitas reproduksjonsbiologi i samarbeid med Møreforsking, Ålesund, og Fiskeriforsking, Tromsø, er førebels i ein innleidande fase. Målet er å få betre data på samanhengen mellom gytebestand og rekruttering, og å beskrive driftsmekanismar og utbreiingsområde for egg, larvar og yngel. Det er sett i gang overvakning av sannsynlege gytefelt på to lokalitetar utanfor Vesterålen og Troms. Havområda nord og aust for Svalbard ser ut til å vere viktige oppvekstområde for blåkveite.





POPULASJONSDYNAMIKK OG FLEIRBESTANDS- MODELLERING

Programleiar: Dankert W. Skagen
(Sigbjørn Mehl frå 1.1.98)

Målsetjinga til dette programmet er å klargjere og talfesta korleis fysisk og biologisk miljø og fiskeri påverkar utviklinga av bestandar og haustbar biologisk produksjon hos marine ressursar.

Dette skjer gjennom utvikling av modellverktøy for å rekna ut bestandane sin storleik og produksjonsevne ut frå observasjonar frå tokt og fiskeri, og for å føra dette vidare til råd for forvaltingsstresmaktene. Dessutan har programmet ei rekke prosjekt som skal skaffe fram grunnleggjande kunnskap om populasjonsdynamikk, både biologi, forståing av dei biologiske prosessane og mekanismane som styrer dynamikken i populasjonane, og forholdet mellom miljø og vekst, modning og rekruttering. Mykje av denne kunnskapen er nødvendig for å kunna formulere og utvikla realistiske modellar, og for å gjera bestandsutrekningane og -vurderingane meir sikre.

Kartlegging av bestandsidentitet og bestandskomponentar er eit slikt område. I 1997 har vi mellom anna sett på det gamle problemet om kva

som får silda til å velje bestemte gytefelt, og funne at silda ser ut til å velja gytefelt etter energinivå, og at sørleg gyting fører til betre overleving av sildelarvene. Arbeidet blir avslutta med ei doktoravhandling våren 1998. Resultata av arbeidet kan m.a. nyttast når områdevise reguleringar av sildefisket skal vurderast. Vidare har vi undersøkt skilnader i biokjemiske arve-eigenskapar (isoenzymer og DNA) hos bestandskomponentane av sild i norske fjordar og i Barentshavet. I fleire fjordar er det ei blanding av lokale sildestammer og 0-gruppe (årsyngel) av norsk vårgytande (NVG) sild. I Barentshavet har vi funne ei blanding av unge årsklassar av NVG-sild og Kvitsjøsild. Arbeidet her har stoppa opp grunna manglende løyve for norske forskingsfartøy til å gå inn i russisk sone. Ein metode for analyse av arvestoff (DNA) i gamle torske-otolittar (øyresteinlar), som er fullført i år, gjer det mogeleg å studere utviklinga i genetisk samansetjing og stabilitet hos bestanden av norsk-arktisk torsk over tid. Frå og med 1998 vil arbeidet med genetikk hos villfisk bli flytta over i det nye programmet for biodiversitet.

Eit anna viktig felt er ernærings-økologi hos fisk. Rutinemessig innsamling av kvantitative magedata av torsk har pågått sidan 1984, og dette arbeidet ligg no under linjeprogrammet «Ressurs-overvaking og rådgjeving». Analyser av mageinnhald er svært viktig når konsumet til norsk arktisk torsk av m.a. ungtsorsk, hyse og lodde skal rekna ut. Desse konsumtala er dei siste åra nytta under bestandsutrekningane og -vurderingane i ICES. Noreg og Russland har eit tett samarbeid på dette området, både når det gjeld innsamling av data og standardisering av konsumutrekningane. Men trass i felles innsats har vi ikkje god nok datadekking i tid og rom. I Russland finst det eit stort uregistrert historisk materiale med kvalitative magedata, som ville kunne fylle hola i datagrunnlaget. Dataene vil også kunne fortelje om ernærings-økologiske samanhengar bakover i tid. Etter fleire år med finansielle og administrative vanskar er det no

håp om at ekstra løyingar frå Utanriksdepartementet vil setja fortgang i arbeidet med å få registrert viktige deler av dette materialet.

Det EU-finansierte arbeidet på makrellen sitt fødeval i Nordsjøen blir avslutta i 1998. Eit anna EU-prosjekt på fødeoppakt og næringsomsetjing hos makrell vil halda fram ved Havforskinsinstituttets forskingsstasjon i Flødevigen.

Innan området vekst, mogning og rekruttering er det fleire prosjekt som utnyttar historiske data til å analysere og modellere desse prosessane. Studiar av kva som avgjer den effektive eggproduksjonen hos torsk, har gjeve resultat som kan nyttast i meir realistiske prognose-modellar enn dei som berre tar inn storleiken av gytebestanden. Dette kan igjen føra til forvaltingsstrategiar som i større grad er retta mot å ta vare på reproduksjonspotensialet til bestanden.

I andre prosjekt arbeider vi med å utnytta miljødata i bestandsutrekning og forvaltingsrådgjeving. Ved hjelp av temperaturombservasjonar og mål for kor mykje fisk det var ved kvart observasjonspunkt, kan ein no rekna ut ein vekta omgjevnads-temperatur for t.d. ulike aldersgrupper av torsk i eit større område. Resultata vil m.a. bli nytta i dei før nemnde utrekningane av torsken sitt konsum. Elles arbeider ein med å finne samanhengar mellom klima og populasjonar med tanke på bruk i prognosmodellar for rekruttering, vekst og vandring hos torsk, sild og lodde.

Arbeidet med å vidareutvikle fleirbestandsmodellen for Barentshavet (MULTSPEC) held fram. I september vart ei breitt tilrettelagt avhandling om modellen forsvara for dr. scient graden ved Universitetet i Bergen. Seinare i haust er det arbeidd ein god del med å samordna MULTSPEC med den islandske modellen BORMICON til eit felles fleirbestandsverktøy for dei nordlege områda. Fleirbestandsmodellen er til no mest nytta til å studere samspelet mellom dei viktigaste artane i Barentshavet, og kva innverknad fisket har. Deler av modellen blir nytta i bestandsutrekningane av lodde, der

torsken si beiting på lodde er lagt inn, basert på dei før nemnde magedata. Vidare framover vil vi arbeide med å tilrettelegge modellresultat for bruk i forvaltinga og i konkrete forvaltingsstrategiar.

Det siste større prosjektet går på nyutvikling av modellar for bestandsutrekning, prognosar og forvaltingsstrategiar. Siktemålet er tosidig. Vi ønskjer å utvikla modellar som gjev større fleksibilitet med omsyn til kva typar informasjon ein vil leggja vekt på, m.a. fleirbestands-effektar, klimaeffekta osv. Dessutan vil vi nytta dette utviklingsarbeidet til å byggje opp instituttet sin generelle kompetanse på dette feltet. Problema med bestandsutrekning av norsk-arktisk torsk, som kom til syne i haust, har gjort at vi i første omgang har prioritert utvikling av ein modell spesielt tilpassa denne bestanden. Ein del av forskarkapasiteten på fleirbestandsprosjektet blir no overført hit. Dei overordna prinsippa for modellen er fastlagde, og vi er godt i gang med detaljutforminga. Det blir lagt vekt på god kontakt mellom biologar og matematikarar. I haust er det starta ein omfattande seminar-serie på aktuelle emne i grenseområdet mellom matematikk og populasjonsdynamikk, og ein er i ferd med å etablere populasjonsdynamikk som ei hovudfagsretning i anvend matematikk.

Sist men ikkje minst skal vi nemne at det innan programmet blir gjennomført fleire frittstående prosjekt av meir grunnleggjande karakter. Eit EU-finansiert prosjekt på uer i det nordaustlege Atlanterhavet har vist at snabeluer (*Sebastes mentella*) kan delast opp i to-tre bestandskomponentar. Veksten varierer mellom bestandane og er noko raskare hos hofisk. To nye NFR-finansierte prosjekt har starta opp i år. Det eine samanliknar populasjonsparametre hos nordsjøtobis og kysttobis, for å kunna karakterisere effekten av intensivt industrifiske på populasjonsnivå, medan det andre går på å utvikle ein rekrutteringsmodell for rognkjeks.



PROGRAM

5 MENGDEMÅLINGSMETODIKK

Programleiar: Olav Rune Godø

Mengdemål frå tokt er den viktigaste kjelda til å vurdere tilstanden i fiskebestandane. Havforskningsinstituttet (HI) legg derfor kvart år ned stor innsats på havet for å skaffe fram eit best mogeleg grunnlag for dei råda vi gir til styremaktene. All betring av mengdemåla frå tokt vil ha positiv verknad på grunnlaget for forvaltinga av dei kommersielle bestandane.

Programmet «Mengdemålingsmetodikk» femner om all forsking ved HI som arbeider mot betre metodar for direkte observasjon av fisketettleik. Våre viktigaste fiskebestandar vandrar kvart år lange avstandar for å sikre best mogelege tilhøve for føde og øksling. Dette er ei tilpassing til eit variabelt miljø. I tillegg er fisken også i konstant rørsle opp og ned i vassøyla. Dette skaper store utfordringar for den metodikken som skal brukast til å måle fisketettleik, i tillegg til dei teknologiske utfordringane som ligg i kvantitativ observasjon av fisk.

For å kunne fastsetje mengde og samansetting av fiskebestandar ved hjelp av tokt, må grunnleggjande kunnskap om fordeling, både vertikalt og horisontalt, leggjast til grunn. Vår standard toktmetodikk er viktig i så måte. Det er gjort stor framgang med å samanhalde torsken si horisontale

fordeling per årsklasse til temperaturen der han har vakse opp. Tidlegare måtte ein sjå på vekst i høve til gjennomsnittleg temperatur over store områder. No kan fiskeveksten samanliknast med den temperaturen fisken verkeleg har levd under. Dette skal studerast vidare med siktet på å skaffe reie på om tilhøvet mellom fisketettleik og temperatur også kan gi kunnskap om kva temperatur fisken likar best. Gjennom bruk av ny elektronisk merketeknologi kan vi vidare samanlikne den temperaturen einskilde fisk oppsøkjer i høvet til det gjennomsnittet ein får frå tokt. Desse merka kan registrere temperatur og djup kvar andre time i ei periode på ca eit år. Dataene kan tappast og vurderast etter at ein merka fisk er gjenfanga og merket returnert. Omlag 30 gjenfangstar er til no registrerte og handsama. Det mest oppsiktsvekkjande med dataene så langt er at vi ikkje ser klare døgnvariasjonar i vertikalvandringa. Alle data frå tokt viser periodewis store og systematiske variasjonar med døgnet både i vertikal fordeling og fangstmengde. Ein har trudd at dette skriv seg frå ei spesifikk åtferd til enkeltfisk. Merkeresultata viser at fisk over 50 cm gjennomsøkjer vassøya gjennom dykking og oppstiging etter eit tilsynelatande tilfeldig mønster. Systematisk sesongvariasjon i djup og temperatur kjem klårt fram frå desse analysane. Temperaturinformasjonen frå merkene vil bli samanlikna med tilsvarande frå tokt.

Utrekning av bestand frå tokt er påverka av mange faktorar som har å gjere med fisken si åtferd i høve til det miljøet han lever i. Dei ulike målemetodane våre eigner seg ikkje like godt i forskjellige situasjonar. Til dømes er det berre sonar som direkte kan måle tettleik av fisk i overflata. Botntrål måler berre nær botn, medan vanleg ekkoalodd vert brukt i resten av vassøyla. Dei fleste bestandar held seg ikkje innanfor observasjonsvindaugen til kun ein av desse metodane. Difor må det utviklast verkty og teoretisk grunnlag for å samanlikne/kople data frå ulike observasjonsmetodar. Til dømes er ei korrekt kombinering av fisketettleik målt med ekkoalodd og med botntrål avhengig av gode mål for kor høgt opp i vassøya trålen fangar i ulike situasjonar. Vi veit nemleg at til dømes torsk lett vert skremd mot botn

under tråling. Men det er svært komplisert å måle kor mykje av fisken over trålen som vert tilgjengeleg i fangstaugneblinken. Ulike teknikkar vert utprøvd, og nyutvikling av akustisk instrumentering er her viktig. Så langt ser det ut som effekten av slik åtferd er variabel og avhengig av t.d. årstid og kor stor fisken er. Det vil framover bli brukt mykje innsats på å betre vårt mål for trålen si effektive fiskehøgde. Målet er å unngå to forskjellige bestandsmål, eitt frå akustikk og eit frå botntrål. Betre presisjon av mengdemåla av botnfisk har høgste prioritet, og kombinasjon av akustikk og botntrål er ein viktig føresetnad for dette. Ei vidareutvikling av observasjonsteknikkane vil gjere dette mogeleg i framtida.



Det er lettare å registrere eit problem enn å ta slik informasjon i bruk i metodikken for mengdemåling av fisk. Gjennom systematisk handtering av tilgjengeleg informasjon vert konsekvensar for toktresultat tilbake i tid analysert. Korrigeringsmetodikk for feilkjelder vert utvikla når analysane forbetrar konsistensen i datagrunnlaget. Også når ny teknologi skal takast i bruk må ein gjennomgå og korrigere tidsserien slik at konsistente mål for bestandsstorleik eksisterer tilbake i tid.

Akustikk er eit hovudverktøy for måling av fiskebestandar. For å forstå samspelet og variabiliteten i forholdet mellom det vi «ser» på ekkoaloddet og det vi får under prøvetaking med trål, skal vi kartlegge dei biologiske eigenkapane til fisken i høve til akustisk målstyrke. Forsøka vert gjort både i felt og under kontrollerte tilhøve i merd. Akustisk refleksjonsevne til sild og torsk varierer med mogningsgrad, feittinhald og magefylling. Vi studerer også korleis akustisk målstyrke

varierer etter fiskens «vinkel» i sjøen. Simulering av vertikalvandring til sild på overvintringsområda er gjort ved å senke merden ned til 60 meters djup over ein tidsskala som svarer til det vi ser i naturen. Resultata viser ein sterk reduksjon av silda si refleksjonsverne. Årsaka er at symjeblæra blir pressa saman ved høgt trykk. Silda vert dermed «underflørt», og må endre symjeinkel for ikkje å søkkje. Det er gjort eit monaleg metodearbeid for å kunne studere dei samme faktorane for sild under naturlege omgjevnader. Resultat i felt og under kontrollerte forhold stemmer godt overeins. Dette arbeidet skal også koplast saman med måling av skræmeeffektar (sild som rømer unna fartyet) under tokt og prøvetaking. Gjennom den tette

mogeleg. Gjennom matematisk og statistisk simulering kan toktsresultat vurderast. Slikt arbeid kan også vise korleis feltstrategien kan betrast. Når dataene er ferdig innsamla, er det svært viktig å ha metodar som best mogeleg utnyttar tilgjengelege data. Fordelingsdynamikken til fiskebestandar er i stor grad oversett i eksisterande metodikk for mengdeberekning. Gjennom utvikling og bruk av nye matematisk grunnmetodar for mengdeutrekning, får vi truleg betre bestandsberekingar. Det er lagt ned eit stort metodisk arbeid dei siste åra, og dette vert no testa med tanke på bruk for mange av dei viktigaste fiskebestandane våre. Det er lagt stor vekt på betre visualiseringa av toktsdata i høve til geografi og miljø,

tare, dvs. at akustiske mål for tettleik i høve til den biomassen som kan haustast.

Kartlegging og overvakning av biodiversitet har på grunn av internasjonale konvensjonar vorte eit viktig forskingsområde. Slikt arbeid til havs er svært komplisert på grunn av problem knytt til representativ prøvetaking av individ frå ulike arter og storleik. HJ prøver i eit internasjonalt samarbeidsprosjekt å utnytte eksisterande tokt, og utvikle metodikk for innsamling og handsaming av materiale til slike studiar. Arbeidet er retta mot metodeutvikling for overvakning av botndyr. Ny prøvetakningsreiskap er utvikla og prøvd ut. Det er også sett saman eit



oppfølgjinga av feltforsøk og forsøk under kontrollerte forhold for sild, er det godt håp om at vi i nær framtid vil har modellar som gjev oss silda si målstryke som funksjon av en rekke målte parametre. Dette vil kunne reknast som eit «kvantesprang» i surveymetodikk på sild.

Vi er framleis avhengige av trålreiskap for å skaffe nødvendig informasjon om art og storlek hjå fisk. Det er utført eit stort teknologisk orientert arbeid for å betre trålutstyret. Dei siste par åra er det brukt mykje tid for å ferdigstille «Multisamler» til rutinebruk. Det er ein trålmetodikk som er utvikla for å kunne ta fleire separate prøver under samme trálhal.

For pelagisk tråling vil ein no kunne få prøver frå ulike djup mykje meir effektivt og sikkert enn tidlegare. Neste steg er å tilpasse metodikken til botntrål. Dersom dette lukkast, vil metodikken kunne gje grunnleggjande ny kunnskap om småskala fordelingsmønster til botnfisk.

Toktsdata er dyre, og det er difor viktig at dei vert nytta så rasjonelt som


og målet er at metoden også skal bruke slike data i framtidige utrekningar.

Feil i bestandsmåla frå tokt er eit resultat av feil i alle ledd i prosessen. Her er mellom anna avlesing av alder avgjerande. Grunnen er at alle viktige fiskebestandar er vurdert etter rekruttering og uttak per årsklasse. Alderslesing har vore sterkt personavhengig, og ulike institutt kan ha hatt forskjellige prosedyrar for fastsetjing av alder for ulike bestandar. Det vert no arbeidd internasjonalt for å standardisere rutiner og prosedyrar for alderslesing, samtidig som ein prøver å utvikle og forbetre metodane.

I tareprosjektet har kompetansen i akustisk målemetodikk blitt overført til måling av biomasse av tare. Prosjektet er i avslutningsfasen. Metodikken er utvikla og testa, og kan takast i bruk for rutinekartlegging av stortare. I 1997 er det arbeidd mykje med å sjå til at måla som akustikken gjer, er ei spegling av verkeleg mengde

bilethandteringssystem for å sikre rett identifisering av art. Data om fiskeaktivitet er kartlagt til bruk i analyse av effekten av fiskeaktivitet på biodiversitet.

Programmet har fagleg sett ei svært sterk gruppe på toktsmetodikk. Vi er likevel avhengig av omfattande internasjonalt samarbeid, ikkje minst for å få gjennomslag for ny metodikk. Derfor er det oppretta ei brei internasjonal kontaktflate, og fleire av prosjekta er gjennomførte med internasjonale samarbeidspartnerar. Programmet går inn i ein sluttfase i 1998, der oppsummering og vidareføring av arbeidet i eit nytt program vert viktig.



ANSVARLEG FISKE

Programleiar: Arvid K. Beltestad

Ansvarleg fiske - internasjonalt kalla «Responsible Fishing» - er eit vidtfamnande omgrep. I dette ligg det at ein skal hausta overskotet av ressursane i havet utan å skade korke desse eller miljøet. Med andre ord femner det om mest heile verksemda til Havforskningsinstituttet. Men i dette forskingsprogrammet, som blei starta i 1995, er søkelyset først og fremst retta mot korleis ressursane vert hausta, med andre ord sjølvé fangstprosessen:

- Vi skal berre fanga den arten, storleiken og mengda vi ynskjer.
- Vi skal ha størst mogeleg overleving av dei organismane vi sorterer ut av reiskapen under fangstprosessen.
- Vi skal ha best mogeleg kvalitet og pris, og dermed størst mogeleg verdiskaping av fangsten.

Vi arbeider frå ulike ståstadar for å nå måla i dette forskingsprogrammet. Eit breitt og grunnleggjande fiske-åtferdsprosjekt skal gje oss kunnskap om lukt, syn og høyrse hos fisk. Denne kunnskapen skal så brukast til å betre gamle og utvikle nye fangstprosessar. Forsök med levande fisk skal auke verdiskapinga innafor avgrensa fangstkvotor, og opne for nye produkt og marknader. Vi samanliknar ulike fangstmetodar for å få fram fordelar og ulemper i ulike fiskeri.

Likeeins granskar og samanliknar vi ulike typar reiskap med tanke på kva potensiale dei har for eit meir selektivt fiske. Men mest av alt skal dei ulike prosjekta betre dei selektive eigenskapane til det einskilde reiskapet i eit spesifikt fiskeri. Selektivt fiske tyder at vi fiskar den arten og storleiken vi er ute etter, med minst mogeleg bifangst av andre artar.

Alle prosjekta i programmet er delvis finansiert av Noregs forskningsråd, anten direkte eller som samarbeidsprosjekt med industriverksemder. Nokre av prosjekta er også delfinansierte med EU-midlar.

I åtferdsprosjektet har vi lagt vekt på å betre forståinga av korleis fisken vert påverka av ulike lys-, lukt-, og lydstimuli for å kunna bruke denne kunnskapen i utviklinga av meir selektive fangstmetodar. Forsøka har vist at torsk og lange har ein tydeleg aktivitetsrytme gjennom døgnet, og at denne døgnrytmen endrar seg frå årstid til årstid. Korleis fisk reagerer på lukt- og lydstimuli blei igjen påverka av aktivitetsnivået. Åtferdsforsök viste at torsk reagerte på kunstig lys, medan bruk av lys i teiner ikkje auke i fangstratene.

Dersom vi skal kome vidare mot eit ansvarleg fiske, ikkje minst i eit globalt perspektiv, vil det vere naudsynt å utvikle meir artsselektive tråliske-metodar. Vi arbeidar både med trål og snurrevad, og inntil 1997 konsentrerte vi oss om å skilje torsk og hyse i trål-fisket i nord. I tidlegare forsök med eit vassrett skiljepanel i trålen, havna 60-70 % av torsken i nedre trålpose, mens 85-90 % av hyse hamna i øvre pose. For å auke andelen torsk i nedre trålpose, blei det i 1997 gjort forsök med å tvinge all fisken under skiljepanelet ved å montere ei rist framfor panelet. Forsøka var ikkje vellukka då berre 50 % av hyse gikk opp gjennom skiljepanelet. I tillegg gjekk også 40-50 % av torsken opp gjennom panelet. Materialet frå desse forsøka vil danne grunnlaget for det vidare arbeidet med å auke andelen av torsk i nedre pose, samstundes som ein beheld ca 90 % av hyse i øvre pose.

I 1997 blei det starta eit prosjekt med sikte på å skilje ut hyseyngel i industri-trål-fisket. Innleide åtferdsgranskingar og trål-forsök viste at det

ved hjelp av ei enkel rist etter mønster av rekerista, er mogeleg å sortera ut ein stor del av hyseyngelen utan å miste altfor mykje av industri-fisken. Dei beste resultata frå dette forsøket gav ein reduksjon av hyseyngel på 57 %, mens kun 17 % av industrifisken slapp unna.

På oppdrag frå Fiskeridirektoratet har vi vidareført arbeidet med ei forenkla utgåve av eit ristsystem for torsketrålflåten. Forsök utført på to tokt i 1997 viste at enkelrista, som er utprøvd i top panels trål på torsk og hyse, har seleksjonseigenskaper som ligg nært opptil dei som er oppnådd for den større og meir kompliserte anordninga som blei innført i alt torsketrål-fiske frå 1. januar 1997. I oktober blei det laga to system av enkelrista som skal testast ut i vanleg fiske i tre-fire månader om bord på ein småtrålar og ein hekktrålar. På sikt kan denne rista verte eit alternativ til systemet som er i bruk i dag. Dersom enkelristsystemet vert innført, vil det ikkje lenger vere naudsynt å gje dispensasjon frå bruk av ristsystem i torsketrål i dårlig vær.

I samarbeid med Fiskeridirektoratet blei det i juni utført forsök med bruk av seleksjonsrist i trål-fisket etter sei i Nordsjøen. Forsøka viste at ein spileavstand på 45 mm samsvarer med minstemålet for sei som er 40 cm i dette området. Ved bruk av 50 mm spileavstand unnslapp monalege mengder av sei større enn minstemalet. Ristene var også effektive for utskiljing av småtorsk og småhyse som var svært tallrike i det området det blei fiska i.

EU-prosjektet «SELDAT» har som mål å spesifisere og gje vilkår for oppretting, bruk og vedlikehald av ein database for seleksjonsdata frå fiskerekspertar. Projektgruppa består av samtlege større europeiske havforskningsinstitutt som driv seleksjonsforsking. Det er halde to møte i 1997. Ein del av vilkåra for oppretting av databasen er kome på plass, men det er litt tvil i gruppa korleis det er mogeleg å leggja inn data utan for mykje restriksjonar på bruk av data. Prosjektet vil bli avslutta i mars 1998 med sluttrapport.

EU-prosjektet «MESH» har som mål å evaluere metodar for maskemåling

for fiskeriinspektørar og forsking. Alle fiskerinasjonane i EU forutan Noreg deltek i prosjektet. Noreg deltek med representantar frå Fiskeridirektoratet, Kystvakten Sør og Havforskingsinstituttet. Det er halde to møte i fellesgruppa, samt eit høyringsmøte med representantar frå fiskarar, reiskapsfabrikant, Kystvakten og forskarar i Noreg, der problem med måling av maskeopning i trålposer blei drøfta. Sluttrapport vil bli framlagt på eit fellesmøte i Belgia i mai 1998.

Snurrevad er eit av dei viktigaste reiskapane i kystfiskeriane etter torsk. Forsøk utført i 1996 viste at ein nyutvikla snurrevadpose med 128 mm kvadratiske masker gav ein reduksjon på 50-70 % av undermåls torsk samanlikna med standardpose.

Fiskeridirektoratet tillet i juni 1997 at snurrevadflåten kunne fiske på elles stengde felt dersom dei nyttar posar med kvadratmasker laga etter bestemte spesifikasjonar. I september blei samlede snurrevadfelt på Aust-Finnmark stengt for vanleg snurrevadfiske, men gjenopna for fiske dersom det samstundes blei nyttar pose med kvadratmaskar. Meldingar frå snurrevadfiskarane etter tre månaders bruk har vore ein tydig positive. Fiskarane er glad for sleppa til på elles stengde felt samstundes som dei får betre betalt for fisk den større fisken.

Forsøk med seleksjonsrist i seinottfiske har halde fram i 1997. Forsøka bekrefte tidlegare resultat som viste gode seleksjonseigenskapar og høg utsorteringskapasitet. Det blei samstundes utvikla ein ny monteringsmetode i form av ei glidelåsløsing. Med denne metoden tok det kun fem minutter å montere og demontere rista. Tidlegare undersøkingar har vist at overlevinga til utsortert sei er svært høg. Metoden kan derfor tilrådast legalisert, noko som vil bli svært aktuelt dersom minstemålet for sei langs kysten blir auka.

Mest all makrell som blir fiska av EU-flåten blir tatt med pelagisk trål. Etter oppmoding frå reiskapsindustrien, som leverer ein god del trålar til EU-flåten, tok vi opp att forsøka med ristsortering av makrell i trål. Forsøka blei utførte i desember med svært gode resultat. Andelen av stor fisk,

over 600 gram, og som er best betalt, auka med ca. 20 %. Samstundes blei andelen av små fisk, under 400 gram, og som er dårlegast betalt, redusert med over 20 %.

Utsorteringskapasiteten var også svært god. Når det gjeld overlevinga til utsortert makrell i trål, trur vi at denne er monaleg betre enn ved ristsortering i ringnot.

Prosjektet bidødeligheit består av to aktivitetar. Den eine gjeld bidødeligheit hos hyse i fløylinefisket i Finnmark, den andre er eit EU-prosjekt om døyting av sjøkreps i trålfiske. Forsøk utført i juni viste at døytingsprosenten til hyse som var dregen av kroken i avanglaren var 34, medan 61 % av fisken som blei kleppa døydde. Det er

påvist mykje større overleving (ca 80 %) av sjøkreps som vert sortert ut gjennom maskane i trålposen enn av kreps som vert sortert og kasta frå dekk (ca 20 % overleving).

Overleving av 0- og 1-gruppe hyse og kviting som blei sortert ut gjennom maskane, viste høg overleving (over 90 %) for begge artane.

Prosjektet «Miljøeffektar av fiske» inneheld to aktivitetar: Tapte garn - skjult fiskedøyting og Effektar av fiske på korallrev. Omfanget av garn som går tapt er stort. Oppryddingstokta til Fiskeridirektoratet tek opp 500-700 garn årleg. Tapte garn kan halde fram å fiska i lang tid etter at dei er mista, på engelsk er dette kalla «ghost fishing». Dels prøver vi å uskadeliggjera garn som er tapt i form av nedbrytlege fibre som garneringsmaskar; dels å betre sjansen for gjenfinning med å bruke akustiske merke på garnlenka. Den siste metoden synest lovande.

I 1997 blei forprosjektet «Effektar av fiske på korallrev på den norske kontinentalsokkelen» gjennomført. Det blei henta inn informasjon frå fiskarar om utbreiing og skadar på korallrev. Dei fleste opplysningane om



skadar er frå Eggakanten. Vi har dessutan prøvd ut ulike metodar for kartlegging av utbreiinga av og skader på koralrev.

Levandefisk-prosjektet går først og fremst ut på å auke verdien av fangsten. Det omfattar fangst- og føringsteknologi for levande raudspette, teinefiske etter torsk og forsøk på kommersiell produksjon av befrukta silderogn på tareblad (ei svært godt betalt delikatesse japanarane kallar Kazunoko-kombu).

I samarbeid med Fiskeriforsking i Tromsø, er det tidlegare utvikla teknologi for fangst og føring av levande raudspette. I 1997 blei det gjort forsøk med skremmetau framfor grunntelna. Dette auka fangstratane monaleg. Det blei også gjort fullskala føringforsøk med ein tettleik på opp til 650 kilo per kubikkmeter. Etter islandføring blei raudspetta mellomlagra levande i flatbunna merder i opptil tre veker. På sikt kan flyndre bli ein interessant art med tanke på føring av levande fisk til Japan.

Tokammerteina fiskar no så godt at ho er konkurransedyktig med samanliknande reiskaptyper som garn og line. I samarbeid med ein reiskapsfabrikant arbeider vi no med kommersiell produksjon av tokammerteina. Tre utvalde fiskarar har fått teiner av ulike utforming og storleik til utprøving.

Når det gjeld hausting av Kazunoko-kombu, blei det gjort store framskritt i 1997. Det blei utvikla ei ny type trekantskrape for hausting av sukkertare som viste seg å vere svært effektiv. I motsetning til i 1996, då det blei nytta stortare, starta gytinga på sukkertaren straks etter at taren var hengt ut i merden. Dette viser at silda foretrekk sukkertare som gyte-

substrat framfor stortare. Totalt blei det hausta 2,5 tonn ferdige produkt som blei eksportert til Japan, men marknaden i Japan var därleg i 1997. Dei fleste problema som gjeld hausting av Kazunoko-kombu er no løyst. Det som hovudsakleg står att er å få fiskarane interesserte i å starta produksjon på eiga hand.

I samarbeid med industrien har vi utvikla eit konkurransedyktig alternativt lineagn. Samanlikna med vanleg makrellagn gir dette nye agnet 2-3 ganger høgare fangstrate for hyse, tilnærma lik fangstrate for torsk, samt fangstauking også for steinbit og blåkveite. Det er ikkje oppnådd like gode resultat i linefiske etter lange og brosme. Agnet er no i kommersielt salg, og det er stor interesse og etterspurnad etter agnet, også internasjonalt. Prosjektet har svært interessante perspektiv når det gjeld å utvikle eit artselektivt linefiske.

Prosjektet «Luktstoff i garn og teine» har som mål å auke fangsteffektiviteten til garn og teine for å redusere bruksmengda og ståtida. Dette vil igjen føre til betre kvalitet og pris på fisken, særleg i garnfisket. Tidlegare forsøk har vist at egning av garna auka fangsteffektiviteten med opp til 40 %. I 1997 har vi gjort detaljerte åferdsstudier av fisk i relasjon til eigna garn. Åferdsstudia blei gjort både med akustiske merker og direkte video-observasjoner. Videoopptaka gav nyttig informasjon om symjeåferd i garnas nærområde samt betydningen av plasseringa og storleiken på agnet. Tradisjonelt agn som makrell, sild og akkar har ein rask utvasking av dei aktive luktstoffa. Agnet er derfor berre effektivt dei første timane etter at reiskapen er sett i sjøen. I eit samarbeidsprosjekt med ei industriverksemد er det

utvikla ein doseringseininger for fiskeeekstrakt (kalla «Agnomat»). Forsøka hittil har vist at prinsippet med statisk trykk som drivmekanisme i agnomaten fungerer. Det er oppnådd utmatingstider rundt 6-8 timer for den siste versjonen, noko som er betre enn for naturleg agn. Vidare utviklingsarbeid vil bestå i å forbetre innstillingsmekanismen for utmatingshastigkeit og djup, samt testa ut kva luktekstrakt som er mest effektive til å trekke til seg dei ulike fiskeartane. Dette kan igjen utnyttast til meir artsselektivt garnfiske.


Prosjektet «Etterbruk av oljeinstallasjonar» fekk ikkje løye tidsnok til at det kunne bli starta opp i 1997, men vil bli gjennomført i 1998.

I prosjektet Beskatningsstrategiar vil vi på litt sikt prøve å kome fram til ei betre forståing av fangst av fisk for å kunna kombinere ulike selektive verktøy eller fangstmetodar. I 1997 har vi gjort samanliknande fiskeforsøk etter torsk og hyse med garn, line, trål med sorteringsrist og snurrevad med kvadratmaskar. Dette har gitt svært interessante resultat, men materialet er enno ikkje opparbeidd. Samanliknande fiskeforsøk etter blåkveite viste store seleksjons-skilnader, der relativt liten fisk dominerte i trålfangstane, fisk av mellomstørrelse i linefangstane, medan garn fanga den største fisken.

Prosjektet «Utkast i ringnotfiske i Nordsjøen» blei starta i 1997 og er finansiert frå EU. Formålet er å få tallfesta uregistrert fiskedøyning i ringnotfisket etter makrell og sild i Nordsjøen.

Dei norske fiskarane har dei siste ti-tju år fått ein mykje meir positiv haldning til eit ansvarleg fiske. Målet er ikkje lenger å oppnå størst mogelege fangstar, men best mogeleg kvalitet og pris for fisken. Eit døme på dette er ringnotfisket etter makrell i Nordsjøen. Oppgåva vår er å hjelpe fiskarane med å utvikle reiskap og metodar som gjer dei i stand til å hauste frå havet utan å skade ressursane eller miljøet, og samstundes bidra til å utvikle nye produkt og marknader for å auke verdiskapninga.





YNGELPRODUKSJON I HAVBRUK

Programleiar: Ingegjerd Opstad

Hovudmålet er å utvikle intensive metodar for årstidsuavhengig produksjon av marin yngel, og å denne opp til stor skala.

Delmål:


- Vidareutvikle det levande føret og bidra til å utvikle eit tørrfør til tidelege stadier av marine larvar for heilt eller delvis å kunne erstatte det levande føret.
- Optimalisere oppdrettsforhold, forsamansetjinga og føringssstrategien.
- Kartlegge grunnleggjande mekanismar i utviklinga hos marine larvar fra startföring gjennom metamorfosen.
- Undersøke og vurdere om andre marine artar enn kveite, som t.d. lysing og leppefisk, kan oppdrettast i intensive anlegg.

Vi har også i år valt å leggje hovedvekta av arbeidet på ein art, kveite, som også nasjonalt er valt ut til å vere hovedsatsinga innan marine artar.

Talet på produserte kveiteyngel i Noreg har vist ein auke frå dei første to produsert i 1985 fram til ein topp i 1994 på 350 000 yngel. I 1995 og 1996 var det ein kraftig reduksjon i talet på produserte yngel, ned til 100 000. I 1997 auka talet til 220 000. Dette har likevel ikkje vore nok til å dekkje etterspurnaden frå dei som ønsker å starte med oppdrett av kveite matfisk. Mangelen på kveiteyngel har og ført til ein høg pris, rundt kr 70 pr yngel.

Dei därlege produksjonsresultata skuldas bl.a. sjukdom, men andre faktorar spelar også ei rolle. Vi manglar framleis grunnleggjande kunnskap på ei rekke område som er viktige for å få til ein sikker og kontinuerleg settjefiskproduksjon. Yngelproduksjon av kveite er i dag avhengig av levande fôr; Artemia, (saltkrep), og innsamla dyreplankton frå sjøen. Dyreplanktonproduksjonen i pollar og i sjøen har vore därleg både i 1995 og 1996 pga ugunstige værforhold. Dei yngeloppdrettarane som oppnådde gode resultat i 1997, hadde tilgang på pollar med gunstige dyreplanktonproduksjon. Arbeidet med å betre Artemia kvaliteten vil bli ført vidare. I tillegg har vi auka innsatsen på å utvikle eit formulert fôr som heilt eller delvis kan erstatte det levande fôret. Åtferdstudier i samband med fôropptak og ulike lysforhold vil

ha som utgangspunkt at det synest å vere eit stykke fram til at vi har utvikla eit fullgodt formulert startfôr for kveite. I og med at Artemia ernæringsmessig ikkje er god nok, og at tilgiengeligheten av denne i åra framover er usikker, vil ein meir kontrollerbar tilgiengelighet av dyreplankton frå poll vere ønskjeleg. I samanheng med at kveiteyngelproduksjon vil bli sesonguavhengig i åra framover ved hjelp av gyttetidsmanipulering hos stamfisken, arbeider vi ved Austevoll havbrukstasjon med å utvide sesongen for optimale føringssorganismar (copepoda) i poll. Ved å utnytte kartlegging av livssyklusen til dei aktuelle copeopodeartane dei siste åra, og kunnskap om kvilestadia deira i botnsedimentet, blei det i 1996 og 1997 prøvd ut ein ny produksjonsstrategi. Vi manipulerte fram to adskilte produksjonsperiodar



ha ein sentral plass i dette arbeidet. For at kveitelarvar skal ete formulert fôr, krev dei anten spesielle smaks-tilsetjingar, eller det er andre fysiske faktorar ved føret som må vere til stades.

Karhygiene i startfölingsperioden er eit problem vi arbeider med.

Arbeidet med å bruke kvileegga til copepoda for å auke sesong-uavhengigheita i yngelproduksjon av kveite starta i 1996. Dette prosjektet

pr år. Etter standard vårproduksjon, blei bassenget om sommaren tappa ned og alt attverande dyreplankton døydde. Midt på sommaren er dyreplanktonbestanden liten og dyra ofte grodde med ciliat. Etter brakklegginga blei bassenget fylt opp med friskt sjøvatn. Det viste seg at dette sette i gang ein ny dyreplankton-produksjon basert på klekking av kvileegg frå sedimentet. Førekomst av dyreplankton utover hausten viste at det kunne vore utnytta som startfôr til

kveite i perioden fra august til november.

Usikkerheita og kostnadene med levande fôr er avgjerande for å arbeide med å utvikle eit mikropartikulært fôr. Arbeidet med å lage slikt fôr til kveite starta opp i 1997. Prosjektet er eit samarbeid med USA. Det har vist seg svært vanskeleg å få kveitelarvar til å ete tørrfôr. Difor har vi utført forsøk for å undersøke kva fysiske eigenskaper ved føret som har størst innverknad på fôrinntak. Vi har testa smaks-tilsetjing og synkehastigkeit. Resultata viste at flyteigenskapane hadde større betydning enn smakstilsetjingar.


I tillegg til at føret må vere optimalt, må oppdrettssistema fungere optimalt. Faktorar som lys, temperatur, vassgjennomstrøyming, vasstand, luftbobling, algetilsetjing, fôrmengde, församansetjing og fôringshyppigheit er faktorar som saman skaper optimale oppdrettssystem. Truleg endrar også betydninga av desse faktorane seg etterkvert som larvane veks og utviklar seg.

I eit samarbeidsprosjekt med Fiskeridirektoratets ernæringsinstitutt, SINTEF og Havforskningsinstituttet, Austevoll havbruksasjon, arbeider vi det med å betre anrikingskvalitetan av Artemia, og prøve desse ut på kveite. Ulike emulsjonar baserte på forskjellige marine oljar har blitt testa. Målet er å produsere Artemia med høgt innhald av feittsyra DHA (22:6n-3). Emulsionane var også tilsett vitaminblanding basert på kunnskap om optak av utvalde vitamin i Artemia. Ut frå analyseresultata blei den beste emulsionen (som er basert på ein amerikansk marin olje, DHASCO) testa ut i startfôring-forsøk med kveite. Det har blitt testa mot det leiande kommersielle anrikingsproduktet, DHA Selco. Vi har også overvaka utviklinga av feitt- og vitaminsamansetjing. Resultata tyder på at Artemia anrika med ein DHASCO-basert emulsjon eignar seg best til kveite.

Fleire oppdrettarar av kveiteyngel beskriv døyng rundt botnslåing som eit av dei største problema for lønsam drift.

Botnslåinga/metamorfosen kan påverkast av ytre konsentrasjon av thyroid-hormonet Thyroxin. Både augevandring og pigmentering blei påverka.

Austevoll havbruksasjon har bygd opp ein ny atferdsrigg som kan registrere i tre dimensjonar. Atferdstudiar har vist seg å ha stor betydning i utviklinga av optimale oppdrettsvilkår. Frå startfôring gjennom metamorfosering



gjennomgår fiskelarven ei enorm utvikling frå primitive larvar (med litra evne til å symje, sanse og ete) til ein vaksen fisk. Utviklinga skjer både anatomisk og fysiologisk. Ved å samanhalde dette med atferdstudia kan vi finne når nøkkelendringane skjer undervegs i utviklinga, og vi kan tilpasse oppdrettstilhøva til larvene.

Dei siste femten åra har mange marine arter vore lanserte som kandidatar for framtidig oppdrett. Skal ein art vere kommersiell interessant, må dei biologiske problema løysast på ein slik måte at arten kan produserast til ein pris som marknaden er villig til å betale. Fisken må også kunne seljast til denne prisen i eit forholdsvis stort kvantum.

I fleire år er det brukt mykje tid og ressursar på forsking og utvikling av torsk som oppdrettssart.

Austevoll havbruksasjon har fasilitetar for grunnleggjande forsking på egg og larvar av marin fisk. Vi har og rutinemessig produksjon av algar, rotatorier, Artemia - og vi har innsamling av dyreplankton frå sjø. Institusjonen har fagleg kompetanse innan alle fasar i livssyklusen for fisk.

Vi tek sikte på å utnytte og overføre teknologi og kunnskap som er opparbeidd for torsk til lysing og berggylte i den grad det let seg gjere. Imidlertid trur vi at desse artane har biologiske eigenskaper som vil kreve eigne løysingar i oppdrett. Det er viktig å identifisere desse problemområda i ein tidleg fase, slik at forskningsinnsatsen først og fremst kan koncentreras her.

Lysing lever normalt på store djup, og det er vanskeleg å få han opp utan å øydeleggje symjeblæra. Det blir difor satsa på å samle inn egg og mjølk direkte på fiskefelta, og eit par befrukta egg-grupper er alt lagt inn i klekkeriet på Austevoll.

Ulike inkubatorar er blitt prøvd. Ein ideell inkubator for lysingegg er enno ikkje funnen. Lysingegga er klebrige, og i inkubatorar som blir brukte til torskeegg, fungerte ikkje for lysingegg. Dei beste resultata så langt har vi fått i ein modifisert kveiteinkubator. Arbeidet med å finne ein eigna egginkubator vil fortsette. Ein del egg klekte, men larvedøyninga var stor.

Noko av årsaka var truleg dårlig vasskvalitet. Fastsitjande egg som dør er vanskeleg å røkte ut. Dette problemet vil vi arbeidd vidare med.

Berggylte blir brukt til å avluse laks. Prosjektet starta opp i juli i fjor med å samle inn stamfisk. Berggylte er vanskeleg å stryke, men vi fekk naturleg gytting i karet. Denne arten har fastsitjande egg, og ein del egg festa seg på plaststrimlar og stein som var plasserte i karet. Egg, saman med det substratet dei var festa på, ble plasserte i egginkubatorar. Fleire egggrupper klekte og larvane vart flytta over i startfôringsskar.

Dei fleste larvane døydde etter kort tid. Dei siste egggruppene vi fekk, blei plasserte direkte i startfôringsskaret. Av desse fekk vi larvar gjennom startfôringfasen.

PROGRAM 8

OPPDRETTSORGANISMAR - MILJØ, VEKST OG KJØNNSMOGNING

Programleiar: Geir Lasse Taranger

**Målet med programmet er
å utvikle berekraftige og
økonomisk rasjonelle
produksjonsmetodar av
oppdrettsfisk, der salgbar
mat av høg kvalitet er
sluttproduktet.**

Programmet skal legge kunnskapsgrunnlaget for å utvikle norsk oppdrettsnæring på ein framtidssretta og berekraftig måte.
Ein søker å bidra til løysingar

som minskar negative miljøverknader av oppdrett, gjev auka lønnsemd og ein produktkvalitet tilpassa marknaden. Vi arbeider for å optimalisere oppdrettsmetodar for laks, regnbogeaure, kveite og torsk, og vi skal etablere kunnskapsgrunnlaget for nye artar i intensivt matfiskoppdrett. Særleg arbeider me med faktorar som verkar inn på vekst, reproduksjon, fôrutnytting, kvalitet og åtferd hos oppdrettsfisk.

Vekst, fôrutnytting og kjønnsmogning hos laksefisk

Målet med prosjektet er å skapa kunnskap om korleis faktorar knytt til fysiologi, miljø og ernæring verkar inn på vekst, fôrutnytting og kjønnsmogning hos laks og regnbogeaure. Forsking ved Matre havbruksstasjon har ført til at lysstyring er blitt eit sentralt element i lakseoppdrettsnæringa i dag. Dette omfattar lysstyring på stamfisk, setjefisk og matfisk. Lysstyring i ferskvatn har gjort det mogeleg å skipa til laksesmolt på mindre enn eit år frå gyting (nullårig haustsmolt). Normalt tar denne prosessen 18 månader. I tillegg kan lysstyring på matfiskanlegg auke veksten med omlag 25 %, betre utnyttinga av fôr, og redusere tidleg kjønnsmogning til eit minimum.

Me har vist at ein kan auka veksten hos laks enno meir ved å auke

lysintenseten, men sjølv lav lysintensitet har vist seg å være tilstrekkeleg for å redusere tidleg kjønnsmogning. Lysstyringa har klare effekter på laksen si åtferd. Det er m.a. vist at lys medfører at laksen sym og stimar heile døgnet. I tillegg blir djupneutbreiinga i merden påverka. Så langt er det ikkje teikn til at kunstig lys har negative effektar på fisken. Det er også vist at kunstig lys medfører ei auka mengd veksthormon i blodplasma, og det er sannsynleg at dette er ei medverkande årsak til den auka veksten.

Nullårig haustsmolt kan produserast ved å gje lakseungar over ein viss storleik (omlag 8 cm) seks veker med kort dag og deretter seks veker lang dag. Nye forsøk har vist at denne lysstyringa gjev store endringar i innhald av veksthormon i blodplasma, noko som truleg er medverkande til å stimulere sjøvassstoleranse, og betre veksten.

Forsøk utført i samarbeid med Norsk Lakseavl AS har vist at det er mogleg å framskunde gyting hos stamfisk av laks med omlag ein månad, ved ein kombinasjon av lysstyring på sjøanlegget og lysstyring etter at

fisken er tatt inn i landanlegget. Såleis får vi ein meir effektiv produksjon av nullårig haustsmolt. Laks som blir kjønnsmogen ved ein storleik på rundt 6-12 cm synest å vere eit aukande problem i smoltproduksjonen. I eit forprosjekt er det vist at opptil 50 % av fisken, dvs. stort sett alle hannane, blir kjønnsmogene på denne storleiken. Dette fenomenet blir omtalt som «dverghannmognings», og kan føre til tapt vekst og redusert smoltutbytte. I 1997 har det blitt utført forsøk med lakseungar som tyder på at omfanget av denne mogningen er påverka av lysregime.

Det er også gjort forsøk med lysstyring av regnbogeaure i merder. Lysstyringen har ikkje gitt vesentleg betre vekst, og det er ikkje funne metodar for å utsetje kjønnsmogningen hos regnbogeaure i små merder. Så langt tyder dette på at det ikkje er store gevinstar ved å bruke lys på matfiskanlegg for regnbogeaure.

Bruk av oljebaserte vaksinar har vore ein avgjerande faktor for god helsetilstand hos norsk oppdrettslaks. Diverre kan desse vaksinane gje indre skadar (bl.a. samanveksing av indre organ) og redusert vekst. Spørsmålet er om ein kan kombinere god effekt med eit minimum av biverknader. Me har difor starta eit arbeid der me vil teste ut ulike vaksinetypar og vaksineringsstrategiar for å undersøke dette.

Det er rapportert om eit auka omfang av misdanningar hos laksefisk i oppdrett. Det er mellom anna vist skadar i ryggraden som «korthale» og «pukkel». Ved Matre havbruksstasjon har ein så langt funne særslig tilfelle av misdanningar (mindre enn ein av tusen). Nye forsøk ved AKVAFORSK tyder på at høg vasstempertatur på egg- og plommerekstadiet kan medføre auka omfang av misdanningar, og at ei intensiv driftsform i klekkefret kan vere ei mogeleg årsak til det auka omfanget av slike problem dei siste åra.

Vekst, fôrutnytting og kjønnsmognings hos marin fisk
Målet med prosjektet er å utvikle kunnskap om korleis faktorar knytt til fysiologi, miljø og ernæring verkar på vekst, fôrutnytting og kjønnsmognings hos kveite, torsk og makrell.

Forsøk ved Austevoll havbruksstasjon har vist at kontinuerleg lys kan auke veksten hos kveite i kar, men har også gitt ein auke i tidleg kjønnsmognings. Kveita har vist god vekst, med ei snittvekt på 1,7 kg ved ein alder på to år frå startfôring.

Kveita gyt mange egg-porsjonar i løpet av ein gytesesong, og for kvar gyting gjennomgår kveita store endringar i nivået av ulike hormon som styrer gytinga. Ei rekke av desse hormona vil og vere i det ferdig gytte egget. Tidlegare studier tyder på at naturleg gytte egg (gyting i kar) og egg frå vanleg strykking kan ha store skilnader i viktige stress- og kjønnshormon. Dette kan skuldast ulikt stressnivå i dei to systema, og problem med å finne rett stryketidspunkt. For å få ei betre forståing av desse prosessane analyserer me stress- og kjønnshormon i stamfisk og egg gjennom gytesesongen.

Ein reknar med at det er store genetiske variasjonar i vekst, overleving, kjønnsmognings, kvalitet og helse hos kveite. Høg arvelegerheit i desse eigenskapane er eit vilkår for effektivt avlsarbeid. Me kartlegg difor produksjonseigenskapane mange familiegrupper av kveite av 1996-årsklassa. Desse vert oppdretta under mest mogeleg like forhold. Gruppene vil seinare bli identifiserte ved DNA-teknologi, for å kartlegge den arvelege variasjonen.

Ei sentral problemstilling i matfiskoppdrett av kveite i merd er å finne fram til optimalt fôr og fôringsrutinar. Tradisjonell fôring med synkefôr forutset at ein kan observere kveita sitt fôrinntak anten visuelt frå overflata eller med videokamera. Det har vist seg å vere store individuelle, og dag til dag-variasjonar i fôropptak. Ein alternativ metode vil vere å nytte flytefôr som vert sleppt ut inne ved botnen og flyt mot overflata medan kveita et. Fôrspill blir dermed lett synleg i overflata. Me har sammanlikna flyte- og synkefôr på stor kveite i merd. Det var ikkje vesentlege forskjellar i vekst mellom førtypane, men fôrutnyttinga var betre ved bruk av flytefôr. Dette kan skuldast både mindre stress og aktivitet i flytefôrgruppa, og at førkvaliteten blei betre teken vare på i flytefôret. Det er også starta innleidande forsøk

med bruk av lys på kveite i merd. Observasjonar med ekkolodd tyder på at kontinuerleg lys hadde ein positiv effekt på fôropptak og åtferd (fisken var meir roleg).

Etter avslutninga av desse forsøka døyde all kveita som gjekk i merd ved Austevoll havbruksstasjon grunna ekstremt høg sjøtemperatur. Dette gjorde at forsøka med kveite i merd blei førebels stansa hausten 1997.

Levandelagring av makrell i merder utover hausten kan gie ein vesentleg auke i salsverdi, og kan dermed auka verdiskaping på kysten. I eit tidlegare prosjekt er det vist at makrellen har problem med lave vinter temperaturar, og at det har vore vanskeleg å få gode resultat med fôring grunna samanbrot i energiomsetnaden. Det er difor starta opp nye forsøk der ein studerer meir grunnleggjande sider ved energiomsetninga hos makrell.

Me har tidlegare vist at bruk av lys på matfiskanlegg utset kjønnsmogningen med omlag seks månader hos oppdrettstorsk. Lysstyring gjer og at torsken veks særslig godt, frå startfôring til tre kg på litt over to år. I 1997 har me testa nye lysregime på torsk i merd. Dei nye metodane har diverre ikkje gjeve betre resultat i høve til dei etablerte metodane.

Havforskingssinstituttet har fått eit strategisk program frå Noregs forskingsråd i perioden 1997-2001, der ein arbeidar med grunnleggjande forsking innan reproduksjonsfisiologi hos torsk. Ein undersøker effektar av miljøgifter og naturlege miljøfaktorar som fødetilgang, temperatur og lys på kjønnsmogningen hos norsk arktisk torsk.

Slaktekvalitet hos oppdrettsfisk

Målet med prosjektet er å auka kunnskapen om kva biologiske faktorar som verkar inn på kvaliteten hos oppdrettsfisk.

Eit sentralt element innan forskinga på kvalitet er å kunne definere og måle kvalitetsparametre. Me har difor fokusert på utvikling av metodar og standardisering av analysar hos fersk og røyka laks. Dette har mellom anna omfatta måling av farge og tekstur (konsistens, fastheit mm.). Det er vist store variasjonar i kvalitetsparametre i forhold til kvar ein måler på

fiskefiléten. Ved teksturmålinger har også tjukkleiken på filéten stor innverknad for resultatet. Det er difor utvikla ein metode der en tek ut ein standardisert «sylinder» med muskel for måling av tekstur.

Etter død gjennomgår fisk ein dødstivhetsprosess (rigor mortis) på same måte som hos pattedyr. Ein trur at utviklinga av denne prosessen (styrke og varigheit) er vesentleg for kvaliteten på sluttproduktet. Ei rekke faktorar som mellom anna stress og temperatur, kan ha stor innverknad på denne prosessen. Utviklinga av rigor er undersøkt med eit nytt instrument der ein set inn små bitar av fiskemuskelen, slik at ein ser kva effekt ulike miljøtilhøve har å seia for denne prosessen.

Ulike miljøtilhøve kan og verka inn på muskelstrukturen i fiskefiléten (tal og storleik på muskelfibrar). Det kan vere ein føremon å ha mange små fibrar enn få store for å få best mogeleg tekstur på fiskefiléten. Dette blir undersøkt ved å sammenlikna muskelstruktur og tekstur på same del av fiskefiléten.

Bruken av raudfarge utgjer ein stor del av kostnadene i fôr til laksefisk. Tidlegare forsøk ved Matre havbrukstasjon har vist at fargestoffet astaxanthin har ein vitaminliknande funksjon hos laks, i tillegg til å gje fisken fin farge. Den noverande forskinga tar sikte på å utvikle grunnleggjande forståing for korleis pigment blir teken opp og omsett i laksefisk. Dette blir gjort for få ei betre utnytting av pigment som blir tilsett i fôret, og dermed få ned kostnadene.

Miljøriktig oppdrett

Målet til dette prosjektet er å utvikle oppdrettsmetodar som minimaliserer negative miljøverknader.

Bruk av triploid steril laks er foreslått som ei mogeleg løysing for å unngå at rømd oppdrettslaks verkar på den genetiske samansetninga i dei ville laksestammene. Ein reknar og med at bruk av reine hofiskstammer med triploid laks kan motverka at rømd oppdrettslaks vandrar tilbake til elvane. For å teste dette er ulike grupper med triploid og vanleg laks sett ut frå Matre havbrukstasjon i perioden 1996-1997 for å studere

vandring i sjø. Det vil bli spesielt interessant å følgje gjenfangsten av gruppa som vi sette ut i september 1997. Denne utsetjinga skjedde like etter at det blei opna for vinterfiske etter rømd oppdrettslaks, gjenfangsten av desse gruppene har difor blitt svært høg.


I tillegg blir det undersøkt om triploid laks er eigna i oppdrett med omsyn på vekst, overleving, fôrutsnitt, kjønnsmognhet og kvalitet. Så langt er det berre funne små skilnader i vekst, kvalitet og overleving mellom triploid og vanleg laks, mens triploid laks synest å være meir utsatt for katarakt (augesjukdom).

Ein vesentleg forskjell mellom triploid og vanleg laks er at triploid laks har større, men færre muskelfibrar. Dette kan ha innverknad på tekstur og eigenskapar i til dømes røyke-industrien. Dette vil bli studert i den kommande perioden.

Det er så langt ikkje funne vesentlege skilnader i åferd mellom triploid og vanleg laks i merd. Smitteforsøk med ulike bakteriar og virus har heller ikkje vist vesentlege skilnader i sjukdomsmotstand i forhold til normal laks.

Det er starta eit arbeid med å overvaka åferd og miljøpreferanse hos laks i merd. Dette vil kunne legge grunnlag for ei betre forståing av kva som er optimale forhold med tanke på framtidige konsesjonsvilkår for matfiskanlegg. Innleide studier tyder på at laksen har preferanse for gitt lysintensitet, temperatur og saltholdigheit, og at dette varierer med årstid. Dette medfører at laksen ikkje nødvendigvis står likt fordelt i djupet, og såleis ikkje nyttar heile volumet i merden.

I 1997 er ein prototype av ein nedsenkbar merd, ein såkalla «Wildcatch-merd», produsert og sett i sjøen. Denne merden skal kunne ligge på utsette lokalitetar, og er eit miljøvennlig alternativ, m.a. ved at ein unngår antgroemidla. Prototype 1 blei sett i sjø sommaren 1997, men grunna feil materialval braut merden saman. Det er sett i gang bygging av ein prototype 2, der desse feila er retta opp. Det er rekna med at den nye merden vil vere klar for utprøving i mai 1998.



HAVBEITE

Programleiar: Knut E. Jørstad

Målet for dette programmet er å klarlegge grunnlaget for havbeite på torsk, hummar, laks og kamskjel tufta på økologiske og genetiske prinsipp.

Det nasjonale PUSH-programmet (Program for Utvikling og Stimulering av Havbeite) vart starta opp i 1990 og Havforskingssinstituttet har vore ein av hovudaktørane i heile perioden. Mesteparten av feltaktivitetane i dei ulike prosjekta vart i 1997 skorne ned, og hovudvekta vart lagd på oppsummering av resultata i nasjonale rapportar og publisering i internasjonale tidsskrift. Eit unntak her er hummar, der instituttet sjølv gjekk inn med monalege ressursar for å samla gjenfangsttal også under fisket på Kvitsøy hausten 1997 (sjå nedanfor).

På alle dei tre viktigaste prosjekta (torsk, hummar og laks) har det vore lagt ned eit stort arbeid med skriving av rapportar og publikasjonar.

Dei samla resultata frå heile forsøksperioden 1990 - 1997 er lagt til grunn i sluttrapportane. I prosjekta har dei siste åra vore avgjerande for å få sikre gjenfangstdata, og det er uehdig at ressursramma har vore skore ned og i noko grad redusert dei faglege resultata. Sikre tal på gjenfangst av dei ulike artane er heilt naudsynte for vurderingane knytt til

økonomi og potensialet for næringsverksemd i framtid.

Førebels rapportar som oppsummerer resultata på dei ulike prosjekta vart sende til PUSH-styret før sommaren. På det internasjonale Havbeitesymposiet i Bergen i september, var det lagt fram i alt 16 vitskaplege arbeid baserte på resultata frå prosjekta. Her fekk ein faglege vurderingar frå eit internasjonalt miljø, og dei endelige sluttrapportane vart difor utforma seinare på hausten, supplert med nye data og resultat.

Torsk

Arbeidet har vore konsentrert om internasjonal publisering, utarbeiding av sluttrapport, ein felles rapport som oppsummerer det nasjonale arbeidet (alle prosjekta på torsk innanfor PUSH), og dei resultata som er oppnådde. Omlag 250 000 oppdretta torskeyngel vart sett ut i Øygarden i perioden frå 1991 til 1996. Samstundes vart det sett ut omlag 10 000 yngel på Sotra og omlag 45 000 i Heimarkspollen i Austevoll. Døyninga til både utsett fisk og villfisk er særskilt høg, særleg på den yngste fisken, og predasjon er her ein viktig faktor, særleg i område med mykje skarv. Resultata viser stor variasjon i gjenfangst på dei ulike utsetjingane, og dette synest vere knytt til kor stor fisken er når han vert sett ut, utsettingsstad og måte. Mesteparten av fangstane som er rapporterte inn, er gjenfanga fisk som er eitt og to år gammal. Det er svært lite gammal fisk som blir fanga. Størsteparten (90 %) av den utsette fisken vert fanga mindre enn 10 km frå staden der han vart sett ut. Resultata frå utsetting av genetisk merka larvar i Heimarks-pollen viser høg døyning i den første tida etter utsetting, og dei målte tala på døyning kan nyttast til å vurdere dei tidlegare programma for utsetting av larvar der det ikkje var mogleg å merka larvane.

Hummar

Dette prosjektet har og vore prega av arbeidet med sluttrapportering og utarbeiding av vitskaplege artiklar for publisering i internasjonale tidsskrift. I høve til dei andre prosjekta innafor PUSH, er ein stor del av den utsette hummaren på Kvitsøy framleis i sjøen og har ennå ikkje vakse seg stor nok til å gå inn i det lovlege fisket. Dette

vart det peika på i førebels rapportar, og instituttet gjekk inn med monalege eigne ressursar for å kunne supplere med nye data for heile 1997, slik at dei gjekk inn i sluttrapporten for prosjektet. Det vart difor lagt vekt på å registrere gjenfanga hummar på Kvitsøy både i fiske om våren og det meir omfattande fisket om hausten. Mesteparten av feltarbeidet vart gjennomført i samarbeid med Kvitsøy kommune.

Det som er spesielt for hummar er at berre dei første årsklassane har vokse seg store nok (minstemål 25 cm) til å verte fanga i det lovlege fisket på Kvitsøy. Av hummar frå utsetjingane i 1993 og 1994 er det berre fanga eit fåtal individ så langt. Dette tyder på at den utsette hummaren veks seint. I løpet av perioden vart og det lovlege minstemålet på hummar heva frå 22 til 25 cm, og tida vart då for stutt innafor den planlagte perioden for forsøka til å få fullstendige tal for gjenfangst. Registreringane av gjenfanga hummar hausten 1997 viser no at utsett hummar utgjer nærmere 45 % av all hummar som vart fanga i det ordinære haustfisket på Kvitsøy. Stikkprøver av hummar som er under minstemålet viser at 72 % er utsett hummar, og denne kjem til å vekse seg inn i lovleg storleik og vil bli fanga i fisket i dei kommande åra.

På bakgrunn av informasjon frå mikromerka, kan all havbeite hummar bli identifisert til utsetningsgruppe og årsklasse. Dataene viser stor variasjon i gjenfangst mellom årsklassane, og høgaste førebels gjenfangst har 1989-årsklassen på litt over 8 %. Det er framleis hummar av denne årgangen igjen i sjøen, og tala er ikkje vurderte i forhold til merketap. Den forventa gjenfangsten er sannsynlegvis monaleg høgare. Materialet av gjenfanga havbeite hummar er unikt, då vi kjenner alderen på hummaren. Dette gjer mogleg heilt nye granskinger både når det gjeld vekst, kjønnsmogning, frukbarheit og andre viktige populasjonsmål. Det er førebels ikkje funne skilnader mellom havbeite og villhummar på Kvitsøy. Det er også gjennomført eit omfattande innsamlingsprogram og genetiske analysar. Ei førebels handsaming av resultata viser at mindre genetiske endringar kan skje under produksjon av hummarungar for utsetjing.

Havbeite laks

Registreringane av gjenfanga laks i Hordaland (Sotra-prosjektet) er no avslutta og resultata føreligg i rapportar. Det er funne høg grad av variasjon i gjenfangst mellom dei ulike stammene som vart sett ut i Selstøvågen. Best er smolten produsert frå stamlaks teken i Daleelva, med ein gjenfangst på gjennomsnittleg 5 %. Fisken som vart produsert frå stamlaks frå Lone og Vosso kjem svært dårleg ut, med ein gjenfangst på omlag 1 %. Innafor Dalestamma er det grupper der gjenfangsten kjem opp i heile 10 %. Dette viser eit klårt potensial for foredling. Den registrerte streifinga er relativt høg, med størstedelen registrert i elvane på Sørlandet. Feilvandringa synest også vere påverka av miljøtilhøva i kara (straumtrening) før utsetjing.

I fiskesesongen 1996 fekk lakseprosjektet på Vega igjen ein monaleg del av den fisken som vart sett ut i 1995. Totalt blei det fanga nærmare 3 000 stk 1-sjøwinter-laks, mesteparten i nærleiken av staden der fisken vart sett ut. Den beste gruppa (2-årig smolt) hadde ein gjenfangst på 3,7 %. Det gode resultatet frå 1996 tyda og på ei positiv prognose for sesongen i 1997. Denne har delvis slått til og det er fanga en vesentleg del av 2-sjøwinter laks på frå 5 - 7 kg på Vega. Fisket i eigen regi er trappa noko ned i høve til 1996-sesongen, og ein stor del av fangstane er tekne på kilenøter i området.

Populasjonsgenetiske granskningar
Fleire forsøk med ekstern støtte er i gang for å studere gen-interaksjon mellom lokal stamme og utsett, genetisk merka laksesmolt. Forsøket i Øyreselv i Mauranger, som er støtta av PUSH, er redusert noko på grunn av at oppgangen av gytefisk (både vill og havbeitelaks) i elva har vore særsliten dei siste åra. Det er difor vanskeleg å måle genpåverknad frå gytefisken. Det er likevel fanga lakseungar med genmerke, og dette tyder på at utsette dverghannar har vorte ståande i elva og gytt. Det er gjennomført ei omfattande genetisk karakterisering av dei ville laksestammene som er brukt i forsøket på Sotra (Vosso, Dale og Lone). Resultata viser klårt at det er genetiske skilnader i genfrekvenser mellom dei ulike stammene.

Forsøka i Hopselva, der det tidlegare er sett ut genetisk merka laksesmolt, er ført vidare i første halvår. I alt er det samla inn 186 individ som er klassifiserte som laks av 1996- og 1997-årsklassene. Innslaget av yngel med genetisk merke i Hopselva var 3,5 % i 1996-årsklassen, og 8 % i 1997-årsklassen. Med 50 % merking viser det seg at det reelle innslaget i årsklassane er 7 % i 1996 og 16 % i 1997.

Skjel

Skjelprosjekta er samla i eit hovudprosjekt, der forsøka på botnkultur vert gjennomførde i samarbeid med Taro skjell i Trøndelag. Innsatsen vert no retta inn mot å studera predasjonen knytt til utsetjing i botnkultur, særleg mot å utvikla ulike




metodar for effektiv predatorkontroll. Predasjon frå krabber og sjøstjerner utgjer eit hovudproblem, og det er gjennomført ei rekke forsøk der ulike fysiske hindringar vert prøvde ut. Feltforsøk viser at taskekrabbar kan klatre over gjerde opptil 20 cm høge, medan dei ikkje klarar å forserre høgder på 30 cm. Vi observerte klare resultat når det gjeld døgnvariasjon i førkomsten av krabbe ved innhegningane. Det er også studert åtferd på kamskjel når det gjeld ulike predatorer. Desse forsøka vert no følgde vidare opp med eksperimentelle forsøk i samarbeid med utanlandske forskarar.

Vidare arbeid

Ein stor del av resultata frå PUSH-prosjekta vart lagt fram på det internasjonale Havbeitesymposiet i Bergen i september 1997. På dette møtet vart det presentert vitskapleg arbeid frå heila verda, og både den auka interessa for havbeite og global betydning i framtida vart understreke. Det etter måten langsiktige norske PUSH-programmet (1990 - 1997) og resultata som vart presenterte, har vakt stor internasjonal interesse.

Sjølv om det formelle havbeiteprogrammet er avslutta, er det viktig at arbeidet held fram i åra framover. Både når det gjeld laks, og i særleg grad hummar, står det framleis materiale igjen i sjøen, og tala for gjenfangst er difor ikkje fullstendige. Det er investert store summar i å produsere det utsette materialet, og det krev etter måten små ressursar å hente inn dei siste, og kanskje mest naudsynte, gjenfangstdata. Desse dataene vil og vere naudsynte for å kunne gjennomføre ei endeleg og omfattande evaluering av forsøka.

Ei vidareføring av arbeidet må omfatta sikring av både resultata og den vitskaplege kompetansen som er bygd opp i den lange forsøksperioden. Samstundes må det tilførast ressursar for å følge opp dei forsøka som framleis har materiale (laks, hummar) i sjøen. I tillegg må både dei involverte forskingsinstitusjonane, fiskeriforvaltinga og forskingsråd leggja rammer for vidare aktivitet på dette området, som basis for ny verksemeld i kystdistrikta.



MARIN FORUREINING

Programleiar: Jarle Klungsoyr

Hensikten med programmet er å kartlegge belastninga og studere effektane av forureining i kyst- og havområda våre for å kunne dokumentere korleis marin forureining påverkar miljø-kvaliteten og livsvilkåra for fisk. Arbeidet skal kunne gje ny kunnskap for å betra miljø- og ressursforvaltinga av havet.

Transport av næringssalt, organisk materiale og miljøgifter til Skagerrak blir studert ved bruk av modellering. Målsettinga er å mengdeberegne tilførsler av næringssalt, organisk materiale og miljøgifter til Skagerrak og Norskysten, og nytte dette til konsekvensvurderingar av effektane av reduserte eller auka utslepp. Utviklinga og bruken av modellen dannar grunnlag for betre og sikrare berekningar av kva for lang-transportert forureining frå Nordsjøen og Austersjøen påverkar miljøet i Skagerrak og Kattegat. I vidarutviklinga av modellen er det arbeidd spesielt med transport av partikulært materiale og utveksling med sedimenta. Modellen har dei seinare åra vore flittig nyttta i utgreiingssprosjekt for norske styresmakter.

Norskernna og Skagerrak er eit viktig utsynkingsområde for finpartikulært materiale som blir

sleppt ut i Nordsjøen. I perioden 1992-96 er det tekje kjerneprøver langs eit systematisk stasjonsnett i den norske delen av Skagerrak, som ledd i ei geofysisk og geologisk kartlegging av området. Noregs geologiske undersøkingar (NGU) har vore hovudansvarleg for prosjektet. Havforskingsinstituttet har vore med på feltaktivitetane og utført alle dei kjemiske analysene av organiske miljøgifter. Resultata frå dei første tre års granskingar viser utviklinga i forureiningsbelasting frå førindustriell tid og til i dag.

Granskingane er eit viktig grunnlag for framtidig miljøovervaking av Skagerrak og Nordsjøen. Det er påvist at nivåa av PAH (polysykliske aromatiske hydrokarbonar) i sedimenta i 1992-95 er tredobla samanlikna med nivåa i sediment avsett kring 1850. Utrekningar viser at omlag 50 % av bly og kvikkosolv avsett dei siste tiåra kjem frå menneskeskapte kjelder.


Kva effekt tilførsler av forureining har på næringsnett og fiskesamfunn i Skagerrak blir studert ved å måle miljøgifter i fisk, skaldyr og dyreplankton, og å kartlegge sannsynlege omsetningsvegar gjennom næringsnettet. Parallelt blir det gjennomført studiar av fiskefordeling, artssamansetning og ernæringsøkologi. Denne informasjonen er viktig for å kunne vurdere dei biologiske effektane stoffa kan ha på enkelt-individ og biologiske samfunn. Prosjektet er viktig for fiskeri- og miljøforvaltinga sitt arbeid med miljøstatus for Nordsjøen - Skagerrak.

Eit viktig element i programmet er å få auka kunnskap om biologiske effektar av miljøgifter. Det er difor sett i gang eit prosjekt som ser på korleis PCBs verknar på reproduksjonen til torsk. Torsken i den PCB-eksponerte gruppa byrja gyte 3 1/2 veke tidlegare enn kontrollgruppa. Denne tilsynelatande tidlege mogninga av gonadane på PCB-eksponert torsk vil eventuelt bli stadfestet etter vidare granskingar. Etter kvart som dei forskjellige analyseresultata ligg fore, vil vi kunne seie noko om årsakene til tidleg mogning, til dømes om det er hormonelle årsaker eller om det er direkte effekter av PCB.

Eit system for varsligning av ekstreme
miljøsituationer under vatn er under
utvikling. Systemet skal ankrast opp i
radiosentrisk forureining over et område
til domes 1999, slik at
system innan utgangen av 1999, kan
overvaking av strømsmaktene i
dette kan nyttast av strømsmaktene i
Ved utleylegning blir det sendt signal via
satellitt som varslar om verdialar som
går over ei gitt kritisk grense.

Kubikkmeter
! 1997 var på meir enn 300 millionar
sjonsassessstasjonar i Norge som
ytarleger regulerer av produksjon-
å avkare om det er behov for
mekanisme bak desses eventuelle
reperoduksjon, og studere
avkare om det kan oppstå „uro“!
van starta opp hausten 1997 for å
torsk av alkylfenolar i produksjons-
Eit forsekk på hormoneffektar på
kontrollerte forsok i laboratoriet.
Feltorsekka blir kombinert med
biologiske effekter på organismer.
Biomarkerne har for tolking av dei
nyttast i overvakaing av kvar rølle
på grunn av korleis biomarker kan
biologiske effekter på fisk. Utprøving
arbeidet blir følgd opp med sugar-
foureningsbestyrking i Nord-Norge.
Dette kan tyde at det er ei høge
banelen og Barnefshavet.
Var litt høgare enn i fisk frå Hattest-
en! Nivået i fiskelever fra Norske
som kan stamme frå ulike utlepp av
innheoldt offre spor av alkylideklimer
olje. Nivået i fiskelever fra Norske
var litt høgare enn i fisk frå Hattest-
en! fisk frå norske havområder.
Gjennomrørt granskning på offrestar
oljevernberedskap. I 1995-96 ble det
verknader av oljekjemikalier og
om biologisk overvakaing, langtids-
oppfølging av St. Meld. 26 (1993-94)
sokkel blir granskas som ei direkte
påtreddelseverksemda på norsk

Miljøeffektar av utleppa fra
sokkel bør granskas som ei direkte
oppfølging av St. Meld. 26 (1993-94)
om biologisk overvakaing, langtids-
verknader av oljekjemikalier og
gjenomrørt granskning på offrestar
oljevernberedskap. I 1995-96 ble det
innheoldt offre spor av alkylideklimer
olje. Nivået i fiskelever fra Norske
som kan stamme frå ulike utlepp av
biologiske effekter på fisk. Utprøving
arbeidet blir følgd opp med sugar-
foureningsbestyrking i Nord-Norge.
Dette kan tyde at det er ei høge
banelen og Barnefshavet.
Var litt høgare enn i fisk frå Hattest-
en! fisk frå norske havområder.
Gjenomrørt granskning på offrestar
oljevernberedskap. I 1995-96 ble det
verknader av oljekjemikalier og
om biologisk overvakaing, langtids-
oppfølging av St. Meld. 26 (1993-94)
sokkel bør granskas som ei direkte
påtreddelseverksemda på norsk



FISKERIFORSKING UTVIKLINGSLAND

Programleiar: Tore Strømme

Programmet skal medverke til ei berekraftig utnytting av dei levande marine ressursane i dei landa vi samarbeider med. Det samlande målet for dei seks prosjekta i programmet er effektive forskningsbaserte forvaltingssystem med tilhøyrande sjølvstendige institusjonar i drift. Vi skal nå målet ved å overføre etablert og ny kunnskap til forskings- og forvaltingsinstitusjonar i samarbeidslanda.

Programmet stiller ekspertise innan fiskeriforskning og forvalting til disposisjon for utviklingslanda. Ressursar vert henta fra Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet, men også fra andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.

Programmet består i stor grad av aktivitetar som vert utførte på oppdrag frå NORAD, og det er delt inn i prosjekt etter geografiske arbeidsområde. «Nansenprogrammet», som er det mest omfattande av desse, omhandlar ressurs- og miljøforskning med F/F «Dr. Fridtjof Nansen» og institusjonsbyggjande tiltak mot forsking og forvalting i ein del utvalde land. I dei seinare åra har verksemda vore konsentrert til Namibia og

Angola, og ein noko mon Sør-Afrika.

- I 1997 gjennomførte vi følgjande ressurstokt med «Dr. Fridtjof Nansen»:
- *Ei bestandsmåling av lysing (hake) i Namibia (januar-februar)*
 - *Ei bestandsmåling av liten pelagisk fisk i Angola (mars-april)*
